



Strategi for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon (2025–2030)



Strategi for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon (2025–2030)

Innhald

Forord	5
01 Formål og bakgrunn	6
1.1 Innleiing	6
1.2 Bakgrunn for strategien	
1.3 Den tryggingspolitiske situasjonen	8
1.4 Kva er desinformasjon?	9
1.5 Avgrensingar og oppbygging av strategien	9
02 Styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga	12
2.1 Innleiing	13
2.2 Utfordringar	14
2.3 Verkemiddel	17
2.4 Tiltak	21
03 Ansvarleggjere sosiale medium	26
3.1 Innleiing	27
3.2 Utfordringar	27
3.3 Verkemiddel	31
3.4 Tiltak	34
04 Styrkje dei redaktørstyrte media	38
4.1 Innleiing	39
4.2 Utfordringar	39
4.3 Verkemiddel	43
4.4 Tiltak	46
05 Styrkje kunnskap og forsking	50
5.1 Innleiing	51
5.2 Utfordringar	51
5.3 Verkemiddel	53
5.4 Tiltak	55
06 Styrkje arbeidet til styresmaktene og samordninga mellom dei	58
6.1 Innleiing	59
6.2 Utfordringar	62
6.3 Verkemiddel	63
6.4 Tiltak	68

Forord

I eit mangfaldig og globalisert samfunn der forskjellane aukar og den tryggingpolitiske situasjonen skapar uro, er det avgjerande at vi klarer å finne eit felles beste trass i ulikskapar og motsetnader.

Vi må kunne snakke saman. Vi må ha diskusjonar og debattar som er fruktbare og får oss vidare, sjølv om vi kanskje er sterkt usamde i sak. Vi må kjempe for å halde oppe ein sunn usemjefellesskap.

Internett og sosiale medium gir oss uendelege moglegheiter, men òg uendeleg mange måtar å bli forvirra og villeidde på. Vi får ikkje den debatten vi ønskjer, om dei vi diskuterer med, er falske profilar styrte av kunstig intelligens og ein skjult agenda. Eller om verkelegheitsforståinga vår blir så ulik at vi ikkje eingong møtest til felles debatt.

Òg her i Noreg ser vi at utviklinga kan true vårt ordskifte. Det kan true fellesskapen vår. Tilliten vi har til kvarandre, tilliten til styresmaktene. Demokratiet slik vi ønskjer at det skal vere.

Infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 pålegg styresmaktene å leggje forholda til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte og for at alle kan ta i bruk ytringsfridommen sin.

Vi har derfor ei plikt til å sørgje for at spreiking av desinformasjon ikkje går ut over samfunnsdebatten på ein måte som gjer det vanskeleg for folk å engasjere seg i og halde seg oppdaterte på samfunnet rundt dei.

Vi må halde sosiale medium ansvarlege for korleis dei bidreg til spreiking av desinformasjon. Befolkninga må bli meir kjeldemedvitne, vi må sikre eit mangfald av uavhengige, redaktørstyrte medium, og vi må skaffe oss meir kunnskap, så tiltaka mot desinformasjon blir effektive og treffsikre.

Vi må bevare og styrkje motstandskrafta vår mot desinformasjon. Det er derfor vi kjem med ein strategi no.

Ikkje for å sensurere eller avgrense moglegheitene til å ytre seg i offentlegheita. Ikkje for å reinske unna alle usanne påstandar.

Vi vil behalde usemja og debattane. Vi vil framleis ha kritikken – den saklege og den usaklege – frå eit breiast mogleg mangfald av aktørar. Men det skal vere ein debatt som ikkje er påverka av desinformasjon, og der påstandar møtast med motargument og fakta.

Å auke motstandskrafta mot desinformasjon vil stå øvst på agendaen dei neste åra. Det er heilt nødvendig. Vi må gjere denne jobben no. Vi har ikkje råd til å la vere.



Foto: Ilya C. Hendel/KUD

Lubna Jaffery
Kultur- og likestillingsminister

Formål og bakgrunn

01

1.1 Innleiing

Noreg er eit liberalt og ope demokrati. Vi har eit likestilt samfunn med gode velferdsordningar der folk, styresmakter og andre samfunnsinstitusjonar har stor tillit til kvarandre. Vi har ein god fellesskule og ei høgt utdanna befolkning, eit sterkt vern om ytringsfridommen og eit mangfald av redaktørstyrte medium.

Dette er verdiar og eigenskapar som bidreg til at det norske samfunnet er prega av tryggleik, stabilitet og sterke demokratiske institusjonar, og som gjer oss motstandsdyktige mot desinformasjon.

Samtidig er autoritære krefter på frammarsj i mange andre land i verda. Det er færre demokrati no enn for 35 år sidan. Blant dei demokratia som er igjen, er det fleire land som innfører politikk og lover som innskrenkar ytringsfridommen, pressefridommen, forsamlingsfridommen og moglegheita til å utøve reell demokratisk innverknad.¹

Autoritære statar prøver òg å påverke haldningar og avgjerder i andre land til sin fordel gjennom mellom anna spreiding av desinformasjon.

Denne strategien gir eit overblikk over innsatsen regjeringa gjer for å førebyggje gjennom å bevare og styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Verkemidla og tiltaka er retta mot å sikre ein open og informert offentleg samtale, ikkje mot å avgrense høvet til å ytre seg offentleg eller mot å fjerne usanne påstandar frå offentlegheita.

1.2 Bakgrunn for strategien

Ytringsfridomskommisjonen greidde ut rammene for ytringsfridommen i dagens norske samfunn.² Dei konkluderte med at det offentlege ordsiftet har gode kår i Noreg i dag. Den teknologiske utviklinga dei siste 20 åra har medført ei demokratisering av ytringsmoglegheitene. Befolkninga har tilgang på tilnærma uendelege mengder med informasjon, og terskelen for å delta i den offentlege samtalen er lågare enn før. Pressefridommen og ytringsfridommen står sterkt, men tilliten til institusjonar og politikarar er fallande.³

Ytringsfridomskommisjonen fekk òg i oppdrag å greie ut desinformasjon i ein norsk kontekst. Kommisjonen konkluderte med at omfanget av desinformasjon som var avdekt i fleire land, gav grunn til bekymring og aktsemd i Noreg òg, og peikte på eit behov for å vurdere å forsterke beredskapen og samordninga.

¹ [Democracy Report 2023, Varieties of Democracy \(V-Dem\)](#)

² [NOU 2022: 9](#)

³ [Innbyggerundersøkelsen 2024, DFØ](#)

Den tryggingspolitiske situasjonen spissar seg til og blir forsterka av at vi står midt i omfattande teknologiske endringar. Allereie før generativ kunstig intelligens slo gjennom for alvor mot slutten av 2022, stod Noreg i ei digital omstilling.

Sosiale medium og andre internettplattformer har forenkla tilgangen til informasjon, men dei er òg ein attraktiv kanal for påverknad. Hatefulle ytringar, feil- og desinformasjon skaper engasjement og spreier seg raskt i sosiale medium. Det skjer ikkje berre fordi folk kommenterer, liker og deler, men òg fordi algoritmane frå plattformene forsterkar det heile.⁴ Tilrådingsalgoritmane kan i tillegg føre til redusert spreiring av redaksjonelt innhald og andre former for truverdig innhald.⁵ Generativ kunstig intelligens har gjort det endå enklare, billigare og meir effektivt å spreie desinformasjon gjennom sosiale medium og andre kanalar på internett.

Infrastrukturkravet i Grunnlova § 100 gir styresmaktene eit omfattande ansvar for å leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte. Det inneber ei plikt til å leggje til rette for kanalar og institusjonar der folk både kan ytre seg og finne relevant informasjon. Det er utfordrande at sosiale medium – som er

blant dei viktigaste plattformene for ytring og informasjon i dag – framleis er underlagde svært få krav og lite demokratisk kontroll.

I sum inneber den tryggingspolitiske situasjonen, bruken av desinformasjon i autoritære statar, den teknologiske utviklinga og dei endra medievanane til befolkninga at utfordringsbiletet har endra seg sterkt. Totalberedskapskommisjonen konkluderte med at denne utviklinga krev at Noreg må førebu seg på ein langvarig situasjon der vi i aukande grad er utsette for forsøk på påverknad og spreiring av desinformasjon.⁶ Alvoret gjer at det hastar å styrkje norsk motstandskraft – også i sivil sektor.

Sjølv om spreiring av desinformasjon og annan informasjonspåverknad er eit samfunnsproblem, er det verken mogleg eller ønskjeleg å forby usanningar. Det er heller ikkje mogleg å vedta motstandskraft. Det krev innsats og samarbeid mellom befolkninga, næringslivet, frivillig sektor, kommunar, fylkeskommunar og statlege styresmakter.

⁴ [Skewed Perspectives: Examining the Influence of Engagement Maximization on Content Diversity in Social Media Feeds](#), Paul Bouchaud (2023)

⁵ [Digital News Report 2024](#), Reuters Institute

⁶ [NOU 2023: 17](#)

1.3 Den tryggingsspolitiske situasjonen

Regjeringa la i mai 2025 fram ein nasjonal tryggingsspoliti⁷ som skal bidra til å samle kreftene om det som er viktigast for å halde Noreg trygt.

Strategien tek utgangspunkt i dei mest grunnleggjande tryggingssinteressene til Noreg, definerte som

1. eit fritt og sjølvstendig Noreg
2. eit sterkt demokrati
3. eit trygt og tillitsfullt samfunn
4. ein open og omstillingsdyktig økonomi
5. ein alliert fellesskap og eit alliert samhald i Europa
6. ei verd som søker løysingar baserte på folkeretten

Alle desse blir direkte eller indirekte trua av desinformasjon og andre informasjonstruslar.

Tryggingsspoliti⁸ beskriver òg den tryggingsspolitiske situasjonen nærmare og slår fast at Noreg står i den mest alvorlege tryggingssituasjonen sidan andre verdskrigen. På kort tid har verda blitt farlegare og meir uføreseieleg. Det er krig i Europa, konkurransen mellom stormaktene er aukande, og det er stor uvisse i det transatlantiske forholdet.

Etterretningsaktiviteten er betydeleg, andre freistar å påverke oss, og sabotasjetrusselen er alvorleg. Tryggingsspoliti⁹ økonomisk aktivitet har blitt meir utbreidd, og statlege aktørar utnyttar migrasjon medvite som eit pressmiddel. Noreg må vere førebudd på at slik aktivitet kan bli meir omfattande og aggressiv framover. Utviklinga påverkar alle delar av samfunnet.

Ei anna urovekkjande utvikling er at statlege aktørar finansierer radikaliserde miljø og kriminelle nettverk og bruker dei til å utføre handlingar på sine vegner. Gjennom alvorlege valdshandlingar og spreiding av desinformasjon blir det skapt frykt og splid. Finnmark, og særleg Aust-Finnmark, er i dag i ein særskild

situasjon på grunn av den geografiske og strategiske plasseringa ved grensa til Russland. Dei som bur nærast, merkar den negative utviklinga i Russland tydelegast, og vi vil ha eit særskilt fokus på regionen i oppfølginga av strategiens satsingsområde.

1.3.1 Trusselvurderingar

Etterretningsstenesta skriv i trusselvurderinga si at russiske etterretnings- og tryggingsspolitester bruker kunstig intelligens og internett til å spreie antistatlege narrativ og til å eggje opp ekstreme aktørar, mellom anna i samband med kontroversielle mediesaker.⁸ Formålet er å påverke og skape uro i vestlege land.

Politiets tryggingsspoliteste skriv i si trusselvurdering at dei forventar at autoritære statar vil gjennomføre påverknadsoperasjonar i Noreg i 2025.⁹ I ei tid med auka geopolitisk konflikt har fordekte påverknadsoperasjonar og desinformasjon blitt sentrale verktøy som enkelte statar nyttar i forsøk på å endre avgjerder og haldningar til fordel for seg sjølv.

Den norske befolkninga er eit mål for russiske forsøk på påverknad, mellom anna aksjonar som freistar å svekke støtta vår til Ukraina. Kina viser òg i aukande grad evne og vilje til å gjennomføre påverknadsoperasjonar som er direkte retta mot innbyggjarane i vestlege statar og dei tryggingsspolitiske interessene våre. Politiets tryggingsspoliteste ventar at kinesisk desinformasjon får høgare kvalitet, og at omfanget av digitale påverknadskampanjar aukar i åra framover. I 2023 blei det for første gong avdekt ein digital kinesisk påverknadskampanje retta mot eit norsk publikum. *Viking United News*, som gav seg ut for å vere ei norsk nettavis, var del av ein større internasjonal kampanje der eit kommersielt kinesisk selskap laga over hundre falske nettsider der dei fletta kinesisk propaganda inn i ein straum av nyheitsartiklar dei hadde stole frå legitime nyheitssider.

⁷ [Nasjonal sikkerhetsstrategi, Statsministerens kontor \(2025\)](#)

⁸ [Fokus 2025, Etterretningsstenesta](#)

⁹ [Nasjonal trusselvurdering 2025, Politiets tryggingsspoliteste](#)

Nasjonalt tryggingsorgan peiker på at generativ kunstig intelligens i aukande grad blir brukt til å støtte opp under påverknadsoperasjonar.¹⁰ Generativ kunstig intelligens blir brukt til å skape eit stort volum av falsk informasjon, til å opprette falske profiler i sosiale medium og til å få dei falske profilane til å interagere seg imellom. Dette kan bidra til å spreie desinformasjon eller gi folk inntrykk av at mange menneske har eit gitt syn i ei sak.

1.4 Kva er desinformasjon?

Desinformasjon kan definerast på mange måtar og kan ha både ulike avsendarar og ulike motiv. Desinformasjon kan til dømes inngå som del av ein større framandstatleg påverknadsoperasjon, han kan bli spreidd av styresmakter som gjer det for å legitimere sin eigen politikk, og han kan bli spreidd av grupperingar eller enkeltpersonar for å oppnå profitt eller andre former for personleg eller politisk gevinst. I enkelte land betaler styresmaktene òg enkeltpersonar for å vidareformidle desinformasjon.

Uavhengig av kven som spreier desinformasjonen, kan han fortrenge annan type informasjon og svekke folks tillit til nyheitsmedium, politikarar og institusjonar, gå ut over den politiske debatten og hindre opposisjon, true valprosessar, forsterke polarisering og svekke samhaldet med nære allierte. I sum kan desinformasjon bidra til å undergrave mange av verdiane i og mykje av styrken ved det norske demokratiet.

I tillegg til desinformasjon finst det mange andre former for informasjonspåverknad. Dei har ofte det til felles at dei blir spreidd for å villeie, skape uro eller påverke mottakaren. Slik informasjonspåverknad kan deretter bli spreidd vidare av folk som trur på det dei har høyrte.

1.5 Avgrensingar og oppbygging av strategien


Ein heilskapleg innsats mot desinformasjon kan delast inn i fire fasar: (1) førebyggje, (2) oppdage (3), handtere og (4) evaluere.

1. Å førebyggje mot desinformasjon inneber å styrkje motstandskrafta. Vi må styrkje det som hindrar både spreieing av desinformasjon og effekten desinformasjon får på samfunnet. Det inkluderer mellom anna eit mangfald av redaktørstyrte medium, ei opplyst, medviten og kritisk befolkning og regulering av algoritmeforsterka spreieing av desinformasjon i sosiale medium.
2. For å kunne oppdage konkrete tilfelle av desinformasjon må styresmaktene sjå ulike saker i samanheng og identifisere desinformasjonen som eit medvite forsøk på påverknad. Det kan vere svært vanskeleg, ettersom dei som ønskjer å spreie desinformasjon, ofte prøver å skjule motiva sine. Å handtere desinformasjon handlar om å minimere dei moglege skadelege effektane, anten i forkant av eit venta forsøk eller når ein har oppdaga at eit forsøk på å spreie desinformasjon er i gang. Det kan inkludere å opplyse befolkninga om ein konkret påverknadsoperasjon, å gå ut med sannferdig informasjon og eventuelt å opplyse om kven som står bak. Dette krev koordinert offentleg kommunikasjon og kan innebære tryggingspolitiske vurderingar og responsar.
3. Å evaluere inneber å lære av tidlegare forsøk på spreieing av desinformasjon og erfaringar frå eventuelle mottiltak. Formålet er å bli endå betre til å førebyggje, oppdage og handtere desinformasjon i framtida.

Denne strategien er i hovudsak avgrensa til den første fasen – førebygging.

¹⁰ [Risiko 2025, Nasjonalt tryggingsorgan](#)

Definisjonar



Desinformasjon: falsk eller villeiande informasjon som nokon spreier medvite for å påverke mottakaren. Desinformasjon kan fortrenge annan type informasjon og svekkje tilliten folk har til nyheitsmedium, politikarar og institusjonar, gå ut over den politiske debatten og hindre opposisjon, true valprosessar, intensivere polarisering og svekkje samhaldet med nære allierte.

Feilinformasjon: feilaktig informasjon som nokon spreier utan at formålet er å villeie

Falske nyheiter: feil- eller desinformasjon presentert i eit nyheitsformat

Konspirasjonsteori: påstand om at det som er gale i verda, kjem av skjulte samansverjingar

Polarisering: tilstand der nokon opplever motsetnadene mellom grupper som så store at motsetnadene hindrar dialog og gjensidig utveksling av argument og idear

Informasjonsintegritet: når informasjonsinfrastrukturen fremjar tilgang til nøyaktige, pålitelege, evidensbaserte og pluralistiske informasjonskjelder og gjer at enkeltpersonar kan bli eksponerte for pluralistiske og mangfaldige idear, ta informerte val og utøve rettane sine betre

Påverknadsoperasjon: operasjon der ein stat bruker opne og fordekte kampanjar, operasjonar og aktivitetar, ofte utan bruk av militær makt, for å endre haldningar, avgjerder eller utfall. Målet er gjerne å påverke politiske prosessar eller avgjerder i ei gitt retning, men det kan òg vere å forsterke polarisering, spreie mistillit eller skape generell uro i befolkninga. Desinformasjon er eitt av fleire verkemiddel for å oppnå dette.

Samansette truslar: strategiar for konkurranse og konfrontasjon under terskelen for direkte væpna konflikt som kan kombinere diplomatiske, informasjonsmessige, militære, økonomiske og finansielle, etterretningsmessige og juridiske verkemiddel for å nå strategiske mål. Bruken av verkemiddel er gjerne breitt distribuert og langsiktig i tilnærminga, og kombinerer opne, fordekte og skjulte metodar

Dei ulike fasane grip likevel inn i kvarandre, og element ved evna styresmaktene har til å oppdage, handtere og evaluere desinformasjon, vil òg bidra til å styrkje motstandskrafta og førebygginga.

I praksis er det vanskeleg å oppdage desinformasjon og skilje han frå andre former for informasjonspåverknad og feilinformasjon. Førebyggjande tiltak vil i stor grad vere retta mot å styrkje det offentlege ordskiftet og motverke polarisering, og vil på den måten førebyggje mot langt meir enn berre desinformasjon. Strategien inkluderer derfor verkemiddel og tiltak på ei lang rekkje område, som saman, og på ulike måtar, òg bidreg til å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon.

Uforholdsmessige tiltak mot desinformasjon eller andre former for informasjonstruslar kan bidra til ei nedkjøling av ytringsfridommen og dermed svekje dei verdiane vi ønskjer å verne. Alle tiltak mot desinformasjon må derfor vurderast nøye opp mot eventuelle konsekvensar for ytringsfridommen. Forskingsbasert og oppdatert kunnskap om norsk kontekst er viktig for at vi skal finne dei rette tiltaka og den rette balansen mellom ytrings- og informasjonsfridom og tryggleik i samfunnet.

Å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon krev merksemd, innsats og tiltak på svært mange område. For å vise breidda i arbeidet til regjeringa inkluderer strategien omtale av både eksisterande og nye initiativ som støttar opp om målet på ulike måtar.

Utfordringsbiletet endrar seg raskt, men å styrkje motstandskraft tek tid. Denne strategien varer fram til 2030.

Strategien er delt inn i fem innsatsområde. Kvart innsatsområde startar med ein omtale av bakgrunnen og utfordringsbiletet. Deretter følgjer ein gjennomgang av verkemiddel og tiltak.

Innsatsområde 1: Styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga

Korleis regjeringa kan bidra til å styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga, slik at folk blir i stand til å vurdere sjølve om informasjon, bilete og videoar er truverdige

Innsatsområde 2: Ansvarleggjere sosiale medium
Korleis regjeringa kan sikre ei tydeleg oppfølging av sosiale medium og andre internettplattformer og av påverknaden dei har på det offentlege ordskiftet

Innsatsområde 3: Styrkje dei redaktørstyrte media


Korleis regjeringa kan vidareutvikle mediepolitikken for å bidra til at media er i stand til å oppfylle samfunnsopdraget sitt i framtida òg

Innsatsområde 4: Styrkje kunnskap og forskning
Korleis regjeringa kan bidra til meir kunnskap om korleis desinformasjon blir spreidd i Noreg, og kva grad av konsekvensar det eventuelt får for det offentlege ordskiftet

Innsatsområde 5: Styrkje arbeidet til styresmaktene og samordninga mellom dei
Korleis regjeringa kan styrkje arbeidet for ein heilskapleg innsats mot desinformasjon og for god informasjonsflyt

Styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga

02



2.1 Innleiing

Informasjonssamfunnet i dag stiller nye krav til mediebrukarane. Det har blitt vanskelegare å vite kva kjelder og informasjon som er til å stole på, og risikoen for å bli eksponert for desinformasjon er aukande. Berre det siste året har den raske utviklinga av generativ kunstig intelligens skapt heilt nye utfordringar.

Eit ope og opplyst offentleg ordskifte er ein føresetnad for eit velfungerande demokrati. Skal folk kunne delta med innsikt i samfunnsdebatten, må dei ha tilgang til og bruke uavhengige og pålitelege informasjonskjelder.

For å kunne navigere i den store informasjonsflaumen og vurdere sjølve kva som er påliteleg informasjon, må folk vere kritiske til informasjonen og medvitne om kva kjelder dei vel. Dette krev kritisk medieforståing.

Dette kapittelet beskriv utfordringane og presenterer verkemiddel og tiltak regjeringa meiner er nødvendige for å styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga i møte med eit meir komplekst medielandskap.


Kva er kritisk medieforståing?¹¹

Kritisk medieforståing handlar om kunnskapar og ferdigheiter som er nødvendige for å orientere seg og delta aktivt og trygt i eit stadig meir komplekst medielandskap. Ei kritisk tilnærming gjer det enklare å vurdere kor truverdige informasjonskjelder er, utfordre ekstreme påstandar og sjå forskjell på kommersielt og redaksjonelt innhald – for å nemne noko.

Å utøve kritisk medieforståing inneber å ta informerte val når det gjeld kva medieinnhald ein konsumerer, lagar eller deler, å forstå korleis ulike typar innhaldsprodusentar opererer, og å vere i stand til å eva-

luere ulike former for innhald. Å ha god kritisk medieforståing betyr å ha eit medvite forhold til at det står ein avsendar bak alle budskapar, og å kunne vurdere dei ulike informasjonskjeldene opp mot kvarandre.

Definisjonen av kritisk medieforståing har tradisjonelt vore knytt til medieinnhald. Bruk av kunstig intelligens i algoritmar og utbreiinga av generativ kunstig intelligens aukar behovet for også å forstå korleis teknologi og systemdesign verkar. Å styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga krev ei kombinert forståing av både innhald og design.



¹¹ [Medietilsynet \(2021\)](#)

2.2 Utfordringar

2.2.1 Informasjonsoverflod og teknologisk utvikling

Demokratiseringa av informasjons- og ytringsmoglegheiter via internett og sosiale medium har vore utan sidestykke i historia.¹² Det digitale samfunnet blir stadig meir prega av informasjonsoverflod, og i denne overfloda er det ikkje tilgangen på informasjon som er utfordringa, men det å forstå og navigere i informasjonsflaumen.

Informasjon som tidlegare nådde befolkninga frå nyheitsmedium og styresmakter, blir no oftare publisert via globale medieplattformer, der både avsenderane og premissane for spreiding kan vere ukjende. Det har blitt vanskelegare å skilje mellom ekte og falskt, noko som igjen kan skape uvisse og avmakt hos publikum og leie til ein generell mistillit der folk behandlar truverdige og tvilsame kjelder med den same skepsisen.¹³

Det krev mykje av den enkelte å heile tida skulle forhalde seg kritisk til den digitale informasjonsflaumen. Sjølv om mange meiner dei kan avsløre falskt innhald på nett,¹⁴ kan befolkninga likevel bli påverka av det samla inntrykket av ei sak eller ein debatt. Det kan til dømes gi eit feilaktig inntrykk av folkeopinionen dersom enkelte blir eksponerte for ei overvekt av innlegg eller kommentarar frå éi side av ei sak. Bilete eller videoar skapte av kunstig intelligens kan vekke ein kjenslemessig respons sjølv om mottakaren forstår at innhaldet ikkje er ekte.

Folk bruker sosiale medium og søkjemotorar for å finne fram til relevant innhald på internett. Sjølv om dette er verdifulle hjelpemiddel, er dei ikkje nøytrale

formidlarar av innhald. Dei sosiale media og søkjemotorane er bygde opp på ein måte som gjer at dei kan forsterke og avgrense innhald som kan påverke meiningsdanning. Tilrådingsalgoritmane i sosiale medium avgjer kva slags innhald brukarane får sjå, noko som igjen dannar grunnlag for den frie meiningsdanninga til kvar enkelt. Følgjeleg har sosiale medium stor makt til å påverke brukarane.

2.2.2 Sosiale medium som nyheitskjelde

Meir enn kvar fjerde nordmann oppgir at sosiale medium er ei av dei viktigaste nyheitskjeldene dei-
ra.¹⁵ Barn og unge får i endå større grad enn vaksne med seg nyheiter gjennom sosiale medium.¹⁶

Sosiale medium kan bidra til at fleire blir eksponerte for nyheiter som dei elles ikkje ville ha oppsøkt. Det er i hovudsak positivt. Samtidig er det utfordringar knytte til bruk av sosiale medium som nyheitskjelde.

Redaktørstyrte medium har ein redaktør som står ansvarleg for alt innhaldet som blir publisert, og eit felles sett med etiske retningslinjer og journalistiske standardar som ligg til grunn for arbeidet. Dette gjer redaktørstyrte medium til truverdige nyheits- og informasjonskjelder.

Sosiale medium er kjenneteikna av at brukarane kan leggje ut innlegg i sanntid, og at ingen har redaktøransvar. Dette er tenester som er skapte for å dele og spreie informasjon på ein enkel måte. Dermed kan òg feil- og desinformasjon spreie seg raskt. Medietilsynets undersøking av den kritiske medieforståinga i den norske befolkninga viser at befolkninga meiner redaktørstyrte medium er meir truverdige

¹² [NOU 2022: 9](#)

¹³ [Tillit til mediene. Falske nyheter og partiske journalister? Moe mfl. \(2022\)](#)

¹⁴ [Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen 2024, Medietilsynet](#)

¹⁵ [Mediemangfaldsrekneskapen 2025: Mediemangfald i eit bruksperspektiv, Medietilsynet](#)

¹⁶ [Barn og medier 2024, Medietilsynet](#)

Nokre grupper i samfunnet er meir utsette for fordommar enn andre. Hat og hets som blir spreidd særleg på internett og i sosiale medium, kan inkludere desinformasjon eller bli brukt som eit middel i ein påverknadsoperasjon der nokon ønskjer å skape uro og splitting.

informasjonskjelder enn sosiale medium, men det er forskjellar mellom ulike grupper i befolkninga.¹⁷ Generelt stoler dei med høgare utdanning og dei som bruker redaktørstyrte medium, meir på redaktørstyrte medium enn andre gjer. Yngre aldersgrupper stoler meir på innhald i sosiale medium enn det eldre aldersgrupper gjer.

Tilrådingsalgoritmane medfører at ein kan bli eksponert for ei overvekt av innhald frå ein gitt ståstad, og dermed risikerer ein å ikkje få med seg ulike syn på eller nyansar i ei sak eller på eit saksfelt. Algoritmane favoriserer òg innhald som vekkjer sterke reaksjonar. Dermed blir polariserande innhald meir synleg. Det kan òg vere vanskeleg å skilje mellom innhald frå truverdige kjelder og innhald frå upålitelege kjelder når alt blir presentert i den same innhaldsstraumen. Dei siste åra har plattformene dessutan nedprioritert nyheiter og politisk innhald,¹⁸ noko som kan resultere i ei tilfeldig nyheitseksponering. Vidare indikerer forskning at det å bruke sosiale medium for å få med seg nyheiter kan føre til svakare læring om politiske og offentlege saker.¹⁹ I ein slik kontekst er det ei utfordring dersom folk *erstattar* redaktørstyrte medium med sosiale medium som nyheitskjelde.

2.2.3 Utsette grupper i samfunnet

Nokre grupper i samfunnet er meir utsette for fordommar enn andre. Hat og hets som blir spreidd særleg på internett og i sosiale medium, kan inkludere desinformasjon eller bli brukt som eit middel i ein påverknadsoperasjon der nokon ønskjer å skape uro og splitting.

Regjeringa har lagt fram fleire handlingsplanar med tiltak for å førebyggje mot hat og hets. Regjeringa har lagt fram ein overordna handlingsplan mot rasisme og diskriminering 2024–2027, ein handlingsplan mot antisemittisme 2025–2030, ein handlingsplan mot muslimfiendskap 2025–2030, ein handlingsplan mot hets og diskriminering av samar 2025–2030 og ein handlingsplan for kjønns- og seksualitetsmangfald 2023–2026.

2.2.4 Ulikskapar i digitale ferdigheiter mellom aldersgrupper og kjønn

Medietilsynet gjennomførte i 2024 si tredje undersøking av kritisk medieforståing i den norske befolkninga.²⁰ Undersøkinga viser at det er samanhengar mellom alder, digitale ferdigheiter og kritisk medieforståing. Eldre oppgir i større grad enn yngre at dei

¹⁷ [Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen 2024, Medietilsynet](#)

¹⁸ [Reuters Institute Digital News Report 2024, Newman mfl.](#)

¹⁹ [Learning Political News from Social Media: Network Media Logic and Current Affairs News Learning in a High-Choice Media Environment, Communication Research \(2018\)](#)

²⁰ [Kritisk medieforståelse i den norske befolkningen 2024, Medietilsynet](#)

Når dei unge i stor grad hentar informasjon og nyheiter frå sosiale medium, blir det svært viktig at dei har ei tilstrekkeleg kritisk tilnærming til innhald dei blir eksponerte for i desse tenestene.

synest det er vanskeleg å til dømes sjekke kven som er avsendar av ei nettside, vurdere om innhald er spona eller ikkje, varsle avsendaren om innhald som kan bryte med retningslinjer, eller melde ulovleg innhald til rette instans.

Eldre oppgir vidare at dei synest det er vanskeleg å skilje ulike typar avsendarar og innhald frå kvarandre i sosiale medium, og har større utfordringar med å identifisere innhald som er laga ved hjelp av kunstig intelligens (KI). Å meistre dette er viktig for å kunne ha ei kritisk tilnærming til digitalt innhald, slik at ein kan gjere gode vurderingar og ta informerte val.

Ungdom mellom 16 og 24 år scorar høgt på digital brukarkompetanse. Samtidig finst det faktorar som gjer dei sårbare. Dei unge er mellom anna meir positive enn dei eldre til sosiale medium og rolla deira i samfunnet. Dei meiner til dømes i større grad enn eldre aldersgrupper at sosiale medium gir dei nyttig innsikt for å halde seg oppdaterte på nyheiter. Dette kan vere problematisk fordi sosiale medium ikkje kvalitetssikrar innhaldet i same grad som redaktørstyrte journalistiske medium gjer.

Vidare er dei yngre i mindre grad enn dei eldre bekymra for at KI-tenester gjer det vanskelegare å skilje sant frå usant, og for at spreiking av usann informasjon påverkar tilliten folk har til styresmaktene.

Yngre oppgir òg at det er lett å vurdere om informasjon dei ser på nettet, er sann eller usann. Når dei unge i stor grad hentar informasjon og nyheiter frå sosiale medium, blir det svært viktig at dei har ei tilstrekkeleg kritisk tilnærming til innhald dei blir eksponerte for i desse tenestene. Dersom dei ikkje har det, og dersom dei samtidig har stor tru på eigen kompetanse, kan det i sum gjere dei yngre ekstra sårbare.

Kjønn er òg ein viktig faktor. Fleire menn enn kvinner har tiltru til sine egne vurderingar av om informasjonen dei ser på nettet, er sann eller usann. Dette, sett i samanheng med alder, kan indikere at unge menn er meir sårbare for desinformasjon enn kvinner i same aldersgruppe. Her trengst det rett nok meir kunnskap før ein kan trekkje tydelege konklusjonar.

2.2.5 Varierende tillit til offentlegheita

Nyheitsbruken blant nordmenn er generelt kjenteikna av relativt stabilt høg tillit til redaktørstyrte medium, men denne tilliten er ikkje jamt fordelt. Yngre har lågare tillit til nyheitene enn eldre, og dei med høg utdanning har høgare tillit enn andre.²¹

Ein liten del av befolkninga har svært låg tillit til media og andre samfunnsinstitusjonar og kjenner seg ikkje inkluderte i verkelegheitsforståinga til redaktørstyrte medium. Dette gjeld spesielt i omstridde tema som

²¹ [Reuters Digital News Report Norway, Moe og Bjørgan \(2024\)](#)

klima, religion og innvandring, der éin av fire nordmenn set spørsmålsteikn ved om informasjonen frå styresmakter og redaktørstyrte medium er påliteleg.²² Enkelte opplever at dei redaktørstyrte media har gått bort frå samfunnsfunksjonen sin som offentleg vaktbikkje, at dei aktivt bidreg til å halde oppe dominerande maktstrukturar, og at dei ikkje speglar kvardagen og utfordringane til vanlege folk.

Desse meir marginaliserte gruppene søkjer informasjon andre stader. Dei oppsøker nyheiter og informasjon frå nettsider som ikkje følgjer journalistiske standardar, nettforum, sosiale medium eller chattetenester. Informasjon om politikk og samfunn interesserer dei, men informasjonen er ikkje nødvendigvis forankra i fakta. Dei avviser korrigerande informasjon når han ikkje stemmer overeins med deira eigne politiske oppfatningar.²³

Slik misnøye og utanforskap er ofte knytt til oppfatningar av eit urettferdig samfunnshierarki, der ein sjølv er den «tapande parten» i sosiale, økonomiske og politiske samanhengar.²⁴ Desinformasjonskampanjar kan rettast inn mot slike politiske skiljelinjer og treffe særleg ytterleggåande og styresmaktskeptiske grupper. Det gjer desse gruppene meir utsette enn befolkninga elles, mellom anna for russisk påverknadsaktivitet.²⁵

Ein aukande del av dei som blir radikalisererte til ulike former for ekstremisme,²⁶ er mindreårige, ei utvikling som mellom anna blir knytt til bruk av digitale plattformar. Fleire av dei mindreårige som blir radikalisererte, har ulike utfordringar som gjer dei sårbare og dermed lett mottakelege for ein ekstremistisk bodskap, mellom anna utanforskap og psykisk uhelse.²⁷

2.3 Verkemiddel

2.3.1 Demokratisk beredskap i skulen

Skulen sitt arbeid med kritisk tenking og fremjing av demokratiske verdiar er svært viktige verkemiddel for å gje Noreg ein oppveksande befolkning som er motstandsdyktig mot desinformasjon.

Det er ein styrke for det norske samfunnet at elevane i fellesskulen møtest på tvers av bakgrunn og lærer og utviklar seg saman med andre. Eit godt og inkluderande skulemiljø er viktig for å førebyggje og motverke utanforskap. I fellesskulen møter elevane eit mangfald av medelevar med ulike erfaringar og oppfatningar og erfarer meiningsbryting. Dette mangfaldet er ein del av det norske verdigrunnlaget, og det er ein sentral føresetnad for tillit og demokratibygging at vi møter og lærer å leve med ulikskap. Dette er viktige kvalitetar ved den norske fellesskulen som vi må ta vare på og byggje vidare på.

I tråd med overordna del i læreplanverket, som utdjupar verdiane og beskriv prinsippa for grunnopplæringa, skal opplæringa fremje oppslutning om demokratiske verdiar og demokratiet som styreform. Ho skal gi elevane forståing for spelereglane i demokratiet og betydninga av å halde desse i hevd. Demokratiske verdiar må fremjast gjennom aktiv deltaking i heile opplæringsløpet, og gjennom arbeidet skal elevane lære kvifor demokratiet ikkje kan takast for gitt, og at det må utviklast og haldast ved like. Skulen skal òg bidra til at elevane blir nysgjerrige og stiller spørsmål, utviklar vitskapleg og kritisk tenking og handlar med etisk medvit. Verdiane og prinsippa i overordna del ligg til grunn for læreplanane i dei ulike faga.

²² Informerte borgere, Moe mfl. (2019)

²³ *All the News You Want to Hear: The Impact of Partisan News Exposure on Political Participation*, Public Opinion Quarterly (2011)

²⁴ *Toward a Sociologically Enriched Understanding of Anti-Media Populism: The Case of Enough is Enough!* International Journal of Communication (2023)

²⁵ Fokus 2024, Etterretningstenesta

²⁶ Radikalisering er ein prosess der ein person i aukande grad aksepterer bruk av vald for å nå politiske, ideologiske eller religiøse mål.

²⁷ Nasjonal trusselvurdering 2025, Politiets tryggingsteneste

Kritisk tenking er styrkt i læreplanane i skulen, og kritisk tenking er ein del av kompetansedefinisjonen som ligg til grunn for heile læreplanverket.²⁸ Det betyr at elevane skal utvikle evna til kritisk tenking i alle fag. Elevane skal kunne vurdere ulike kjelder til kunnskap og tenkje kritisk om korleis kunnskap blir utvikla.

Faga skal bidra til kritisk tenking på ulike måtar. Læreplanane har mange kompetansemål om kritisk tenking og kjeldekritikk. Til dømes skal elevane i norsk «kunne reflektere kritisk over kva slags påverknadskraft og truverd tekstar har».²⁹ I naturfag skal elevane «få grunnlag for å skilje mellom vitskapleg basert kunnskap og kunnskap som ikkje er basert på vitskap».³⁰

I den internasjonale undersøkinga *International Computer and Information Literacy Study* (ICILS)³¹ svarer 86 prosent av norske niandeklassingar at dei i stor grad eller i nokon grad har lært på skulen å vurdere om dei kan stole på informasjon på internett. Dette er ein betydeleg større del enn det internasjonale gjennomsnittet på 63 prosent.

Men det kan vere krevjande for lærarar å halde seg orientere seg i den raske utviklinga, særleg innanfor generativ kunstig intelligens. For å bidra til at mellom anna lærarar kan vere oppdaterte på utviklinga i eit stadig meir fragmenterte informasjonslandskap, og for å styrkje kjeldemedvitet og den kritiske mediebruken blant barn og unge, gir regjeringa tilskot til Tenk, skuleavdelinga til Faktisk.no. Tenk utviklar undervisningsressursar til bruk i skulen og for foreldre og andre yrkesgrupper som jobbar med barn. Ressursane er gratis, dei er fritt tilgjengelege for bruk, og dei blir oppdaterte jamleg. Faktisk.no får

tilskot til Tenk gjennom ordninga Grunntilskot til organisasjonar.

2.3.2 Lesing, litteratur og bibliotek

Lesing er grunnleggjande for evna til å tileigne seg kunnskap, uttrykkje seg, delta i samfunnet og utvikle kritisk sans. Biblioteka oppmuntrar til leselyst, uavhengig tenking og kritisk analyse av informasjon og bidreg til at befolkninga blir meir informert og kritisk. Mange bibliotek tilbyr opplæring i grunnleggjande ferdigheiter og verktøy for å vurdere informasjon kritisk og effektivt.

Regjeringa har lagt fram leselyststrategien *Sammen om lesing*³² og bibliotekstrategien *Rom for demokrati og dannelse*³³, som inneheld tiltak for å fremje lesing og biblioteka si rolle som uavhengige møteplassar i lokalsamfunnet.

2.3.3 Dokumentasjon og arkiv i offentleg forvaltning

Arkiva er ein del av infrastrukturen i Noreg som rettsstat og demokrati. Arkiva er unike kjelder til kunnskap om samtida og fortida vår og gir viktige bidrag til forskning og historieframstilling. Trygg bevaring og bruk av arkiva bidreg til å berike kunnskapen om samfunnet, leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordsifte og verne om rettane til innbyggjarane. God tilgang til arkiva bidreg til innsikt i kva som er avgjerdsgrunnlaga og avgjerdsprosessane til styresmaktene, gjer det mogleg å sjekke kjeldgrunnlaget for forskning eller verifisere og avkrefte påstandar som blir sette fram i offentlegheita. Arkiva er på denne måten med på å verne samfunnet mot forsøk på maktmisbruk og historieomskriving. Regjeringa legg til rette for moderne dokumentasjonsforvaltning gjennom forslag til ei ny arkivlov og

²⁸ [Overordna del – verdier og prinsipp for grunnopplæringa](#), Utdanningsdirektoratet


²⁹ [Læreplan i norsk \(NOR01 07\)](#), Utdanningsdirektoratet

³⁰ [Læreplan i naturfag \(NAT01 04\)](#), Utdanningsdirektoratet

³¹ [International Computer and Information Literacy Study 2023](#), Universitetet i Oslo

³² [Sammen om lesing – leselyststrategien 2024–2030](#)

³³ [Rom for demokrati og dannelse – utvidet nasjonal bibliotekstrategi – ut 2025](#)



Eit velfungerande og godt samfunn legg til rette for kunst, kultur og kulturarv som rom for frie ytringar, diskusjon og kunnskapsbankar.

gjennom trygg langtidsbevaring og digital tilgang til arkiv i fellesløysinga Digitalarkivet.

2.3.4 Kunst, kultur og kulturarv

Eit velfungerande og godt samfunn legg til rette for kunst, kultur og kulturarv som rom for frie ytringar, diskusjon og kunnskapsbankar. Kulturarv er både mål, middel og motstandskraft og blir erfaringsvis brukt aktivt i desinformasjon, falske nyheiter og konspirasjonsteoriar. Å ta del i kulturaktivitetar er verdifullt for kvar enkelt og inneber at ein blir van med å møte eit mangfald av meiningar og ytringsformer, og aukar kunnskapen om identiteten til eit samfunn. På denne måten bidreg kunst, kultur og kulturarv til å fremje toleranse og forståing for andre og skape refleksjon over og innsikt i verdiar, identitet og samfunn. Dette kan bidra til å skape demokratisk motstandskraft. Kunst, kultur og kulturarv bidreg til meningsfulle liv og dermed meningsfull samfunnsutvikling.

Regjeringa legg til rette for infrastruktur for produksjon og formidling av kunst og kultur og varetaking av kulturarv gjennom institusjonar og offentlege støtteordningar.

2.3.5 Frivillig sektor

Gjennom å delta i frivillige organisasjonar får folk utvikla sosiale ferdigheiter, vennskapar og nettverk, og dei får oppleve meistring. Frivillige organisasjonar skaper uformelle møteplassar der barn og vaksne får høve til å utøve ytringsfridommen sin og møte både anerkjenning, aksept og nødvendig motstand for meiningane sine. Frivillige organisasjonar er derfor viktige pådrivarar for auka oppslutnad rundt sentrale verdiar som demokrati og meningsbryting.

For mange er barne- og ungdomsorganisasjonane det første møtet med eit demokratisk organ. Der får dei øve seg på å ta avgjerder i lag, røyste over saker og fremje eigne idear. Kanskje er det ikkje alltid deira sak eller idé som vinn fram, men dei får innsikt i korleis eit demokratisk oppbygd system bidreg til at alle får komme til orde før fellesskapen tek ei avgjerd. Slik fungerer organisasjonane som opplæringsarenaer for demokratisk forståing.

Mange frivillige organisasjonar bidreg òg direkte til å styrkje kritisk medieforståing gjennom kunnskapsproduksjon og -spreiing, kurs og annan kompetansehevande aktivitet.

Regjeringa legg til rette for ein fri og uavhengig frivillig sektor med føreseielege rammevilkår. Forenkling, samordning og digitalisering er andre viktige prioriteringar i frivilligpolitikken til regjeringa.

2.3.6 Ung.no og DigiUng-samarbeidet

Barn, unge og foreldre må ha tilgang til relevant og påliteleg informasjon frå det offentlege. I 2022 vedtok regjeringa at ung.no skal vere staten sin primære kanal for digital informasjon til ungdom, dialog med ungdom og digitale tenester for ungdom – på tvers av tenestenivå.

Med relevant og påliteleg informasjon kan ung.no både gi barn og unge kunnskap om kritisk medieforståing og vere ein kanal dei går til for å sjekke om informasjon dei får frå til dømes sosiale medium, er korrekt.

Regjeringa har ein ambisjon om å vidareutvikle ung.no og DigiUng-samarbeidet.

2.3.7 Trygg digitalisering i samfunnet

Digitaliseringa i Noreg må skje innanfor trygge rammer, slik at vi held oppe tilliten til demokratiet vårt. Digital kompetanse og kritisk medieforståing heng saman.

Digitaliseringsstrategien til regjeringa, *Fremtidens digitale Norge*,³⁴ har som mål å bevare eit sterkt og inkluderande demokrati der folk har høg tillit til kvarandre, styresmaktene og demokratiet. Strategien inkluderer tiltak for å styrkje innsatsen for å auke den digitale kompetansen hos dei gruppene som opplever digitale barrierar og digital utanforskap.

Med *Handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn*³⁵ har regjeringa som mål å sikre at alle innbyggjarar skal få likeverdige offentlege tenester, uavhengig av bakgrunn, språkkunnskapar eller alder.

2.3.8 Medietilsynets arbeid for å auke den kritiske medieforståinga i befolkninga

Ein del av oppdraget til Medietilsynet er å bidra til å styrkje den kritiske medieforståinga i befolkninga, særleg blant sårbare grupper. I dette arbeidet inngår både kartlegging, utgreiingsarbeid og rettleiings- og informasjonstiltak retta mot ulike målgrupper.

Innsiktsarbeid

Medietilsynet gjennomfører regelmessig kvantitative og kvalitative undersøkingar av mediebruk, medievanar, tillit til ulike medium og kritisk medieforståing, mellom anna Mediemangfaldsrekneskapen og undersøkingane «Barn og medium» og «Foreldre og medium». Dei undersøker òg den kritiske medieforståinga i heile befolkninga, og dei samarbeider med nordiske mediestyresmakter.

Informasjons- og rettleiingstiltak

Medietilsynet formidlar resultat frå innsiktsarbeidet sitt gjennom ulike kanalar og bruker innsikta som grunnlag for rettleiingsmaterieil og kampanjar. Dei samarbeider med andre offentlege verksemdar gjennom DigiUng og ung.no for å svare på spørsmål og produsere fagartiklar for ungdom. Dei bidreg òg med materiale til foreldrehverdag.no.

Barn og unge er sårbare for skadeleg innhald og design på plattformer. Medietilsynet har rolla som Safer Internet Centre i Noreg og samarbeider med Røde Kors for å gjere internett tryggare for barn og unge.

Samordning innanfor kritisk medieforståing

Barne- og familiedepartementet koordinerer arbeidet med trygg digital oppvekst, medan Medietilsynet har koordineringsansvar på etatsnivå. Handlingsplanen for trygg digital oppvekst er eit viktig utgangspunkt. Medietilsynet leier eit samarbeidsorgan for å koordinere statens innsats på feltet og driftar i tillegg eit nasjonalt nettverk for kritisk medieforståing.

³⁴ [Fremtidens digitale Norge – nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030](#)

³⁵ [Handlingsplan for auka inkludering i eit digitalt samfunn 2023–2026](#)

Som arena for kunnskap og folkeopplysning skal biblioteka gi tilgang til forskning og kjelder, leggje til rette for meningsbryting og bidra til utvikling av kritisk tenking og digital dømmekraft i befolkninga.

2.3.9 Internasjonalt arbeid

Noreg bidreg til sosial og økonomisk utjamning i det europeiske økonomiske samarbeidsområdet (EØS) gjennom EØS-midlane. Midlane blir fordelt til 15 EU-land i Sør- og Aust-Europa etter nærmare framforhandla avtalar. Noreg har mellom anna støtta prosjekt for auka kritisk medieforståing, ytringsfriheit, undersøkjande journalistikk og uavhengige medium.

Regjeringa vil halde fram med å bidra til at fleire får tilgang til og bruker kommunikasjonsteknologi og digitale fellesgode. Digitale skilje er eit betydeleg problem globalt. Folk treng tilgang til internett, digitale plattformer og sosiale medium for å ha tilgang til informasjon og kunne delta likeverdig i samfunnet. Likevel bruker ein tredel av befolkninga i verda ikkje internett. I utvikla land er om lag 93 prosent av befolkninga internettbrukarar, medan det same gjeld for berre 27 prosent i utviklingsland. Manglande tilgang til internett og digitale tenester forsterkar sosiale og økonomiske forskjellar og gjer folk meir sårbare for desinformasjon fordi det avgrensar moglegheita til å vurdere ulike kjelder. Regjeringa vil òg styrkje digitale ferdigheiter og kritisk medieforståing gjennom programma for utdanning, likestilling og digitalisering i utviklingssamarbeidet.

2.4 Tiltak

2.4.1 Vurdere å gi tilskot til eit nytt senter for kjeldemedvit

Faktisk.no har teke initiativ til å skipe eit uavhengig undervisnings- og kompetansesenter som skal styrkje kjeldemedvitet i befolkninga. Senteret vil hovudsakleg vidareutvikle dagens Tenk til å inkludere fleire målgrupper. Regjeringa gir allereie tilskot til Tenk gjennom tilskotsordninga Grunntilskot til organisasjonar.³⁶ Senteret skal ikkje vere ein del av Faktisk.no, men er foreslått som ei uavhengig stifting.

Regjeringa er positiv til dette initiativet og vil vurdere å gi tilskot til skipinga av eit senter for kjeldemedvit som kan bidra til auka kritisk medieforståing, særleg blant unge, eldre og andre potensielt sårbare grupper.

2.4.2 Styrkje rolla til biblioteka

Dei siste åra har det vore retta stadig meir merksemd mot truslar mot demokratiet, som politisk polarisering, digital utanforskap og desinformasjon. Biblioteka skal vere ei motkraft til dette. Som arena for kunnskap og folkeopplysning skal biblioteka gi tilgang til forskning og kjelder, leggje til rette for meningsbryting og bidra til utvikling av kritisk tenking og digital dømmekraft i befolkninga. Biblioteka er ein

³⁶ [Grunntilskudd til organisasjonar](#)

viktig arena for å auke den kritiske medieførståinga i befolkninga. Denne funksjonen bør styrkjast og gjerast tydeleg.

Nasjonalbiblioteket bidreg til bibliotekutvikling gjennom å forvalte og tildele prosjekt- og utviklingsmidlar til biblioteka. Politiske føringar på bibliotekfeltet er nedfelte i den utvida nasjonale bibliotekstrategien *Rom for demokrati og danning*,³⁷ som gjeld ut 2025.

Nasjonalbiblioteket følgjer opp bibliotekstrategien i samarbeid med biblioteksektoren. Samarbeidet vil bli ført vidare også etter at bibliotekstrategien er avslutta.

Regjeringa vil styrkje arbeidet biblioteka gjer med lesing og leselyst, og kompetansen deira på digital inkludering.

2.4.3 Førebyggje utanforskap på nett gjennom arbeidet for ein meir inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur

Dataspel er den største fritidsinteressa i Noreg, og regjeringa arbeider for å bidra til ein inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur.³⁸ I tillegg til sjølve spela kan dataspel omfatte spelplattformer, chattar og serverar der også politiske tema blir diskuterte. Her kan spelarar bli eksponerte for ekstremistisk propaganda, radikaliserings og desinformasjon.³⁹ I arbeidet for å motverke desinformasjon bør dataspel derfor i enkelte tilfelle behandlast som ei medieplattform på lik linje med sosiale medium. Då

kan dei òg falle inn under dei nye reguleringane som er omtalte i kapittel 3 *Ansvarleggjere sosiale medium*.

Arbeidet regjeringa gjer for å fremje ein inkluderande og trygg dataspelkultur, kan bidra til å førebyggje sårbarheit mot påverknad frå desinformasjon. Foreldreinvolvering og kompetanseheving blant vaksne på arenaer rundt gaming og på barne- og ungdomsfeltet kan vere med på å førebyggje utanforskap og byggje motstandskraft mot desinformasjon.

2.4.4 Vidareutvikle ung.no og bidra med oppdatert informasjon om kjeldekritikk og desinformasjon

Ung.no er den primære kanalen regjeringa bruker for å formidle digital informasjon til unge. Ung.no er ein stad unge oppsøker for å faktasjekke informasjon og lære meir. Ein stor del barn og unge besøkjer nettstaden jamleg.

Det er viktig at det er tilstrekkeleg informasjon om tema som desinformasjon, kjeldekritikk og tilgrensande problematikk på ung.no. I samarbeid med andre relevante etatar skal Medietilsynet sørge for at informasjon om desse temaa blir løpande oppdatert og vidareutvikla.

2.4.5 Styrkje førebygginga av radikalisererte grupper

Radikalisererte grupper er meir utsette for forsøk på påverknad.⁴⁰ Regjeringa er oppteken av å hindre alle former for radikaliserings og ekstremisme, og la varen

³⁷ [Rom for demokrati og danning – utvidet nasjonal bibliotekstrategi – ut 2025](#)

³⁸ [Tid for spill – regjeringens dataspillstrategi 2024–2026](#)

³⁹ [Align foreign interference and information influence on video game platforms: understanding the adversarial playbook. Myndigheten för psykologiskt försvar \(2023\)](#)

⁴⁰ [Fokus 2024. Etterretningstenesta](#)

2025 fram ei melding til Stortinget om førebygging av ekstremisme. Å førebyggje utanforskap er ein del av arbeidet med å førebyggje radikaliserings, og meldinga inneheld ei rekkje tiltak med dette målet.

2.4.6 Styrkje Medietilsynets arbeid med kritisk medieforståing

Regjeringa vidarefører og styrkjer Medietilsynets arbeid med innsikt og tiltak for å betre den kritiske medieforståinga i befolkninga. Sjå kapittel 6, som omtaler eit utvida mandat for Medietilsynet, og kapittel 5, som omtaler behovet for meir kunnskap.

Medietilsynet skal halde fram med å vere ein sentral kunnskapsleverandør for både befolkninga og offentlege styresmakter, og dei skal bidra med informasjon og rettleiing til ulike grupper. I dette arbeidet skal dei leggje meir vekt på digital kjeldekritikk og bidra til at fleire blir medvitne om korleis kunstig intelligens og språkmodellar fungerer.

2.4.7 Lage ei rettleiing til forbrukerane om rettane deira i sosiale medium

Nye regelverk gir norske brukarar fleire rettar på utanlandske internettplattformer, sjå omtalen i kapittel 3 om oppfølging av sosiale medium. No kan dei mellom anna varsle plattformene om innhald som bryt med vilkåra i avtalen, og dei kan klage dersom dei er usamde i grunngivinga plattformene gir for å fjerne eit innlegg eller ein konto. Desse rettane gjeld både individuelle brukarar og verksemder.

Som Safer Internet Centre i Noreg har Medietilsynet eit ansvar for å informere barn og unge om kva rettar dei har på nett. For at dei nye reglane skal få effekt, er det behov for å nå ut til alle norske brukarar av sosiale medium.

Regjeringa vil gi Medietilsynet i oppdrag å lage rettleiingar til norske brukarar om rettane deira. Data-tilsynet skal konsulterast når det gjeld omtale av personvernrettar.

2.4.9 Styrkje det nordiske samarbeidet

Dei nordiske landa har mange felles utfordringar når det gjeld å sikre motstandskraft mot påverknad og spreing av desinformasjon. Vi har samanliknbare befolkningar og institusjonar, og vi er i ein samanliknbar tryggingsspolitisk situasjon.

Dei nordiske mediestyresmaktene er i gang med ei felles nordisk kartlegging av den kritiske medieforståinga i befolkninga, støtta av Nordisk ministerråd. Kartlegginga skal gjere det mogleg å samanlikne statusen og utviklinga i dei nordiske landa og gi eit faktabasert grunnlag for å vurdere tiltak.

Regjeringa vil bidra aktivt til å fremje samarbeid om desse problemstillingane gjennom Nordisk ministerråd og oppfølginga av tilrådingane frå den nordiske tankesmia for teknologi og demokrati.⁴¹

⁴¹ [A Nordic approach to democratic debate in the age of Big Tech, Nordisk Ministerråd \(2023\)](#)

2.4.10 Støtte tiltak for å auke motstandskrafta mot desinformasjon gjennom EØS-midlane

I den kommande perioden for EØS-midlane vil Noreg jobbe for at tiltak som skal auke motstandskrafta mot desinformasjon, blir ein integrert del av ulike program i mange av dei 15 aktuelle EU-landa. Landa kan få støtte til dette gjennom program innanfor sektorar som kultur, utdanning, lokalutveksling, beredskap og justis, og gjennom eit av Europas største fond for sivilsamfunn.

Norske organisasjonar kan delta i dette samarbeidet og bidra med erfaringsutveksling og læring på europeisk nivå. Det vil òg vere aktuelt å styrkje arbeidet mot desinformasjon knytt til klima og miljø, og å skaffe ny kunnskap og politikk gjennom forskning og samarbeid med internasjonale organisasjonar som Europarådet og OECD.


Gjennom EØS-midlane vil ein arbeide med tiltak på tre nivå. For det første vil ein styrkje motstandskrafta i befolkninga ved å auke den kritiske medieforståinga, mellom anna gjennom utdanning og opplæring. Vidare vil ein arbeide for å redusere mistillit og grobotn for desinformasjon, særleg på lokalt nivå og gjennom å inkludere marginaliserte grupper. Til sist vil ein arbeide med rammevilkåra for desinformasjon, mellom anna ved å styrkje politiet sitt arbeid mot nettkriminalitet, innsatsen mot digital vald mot kvinner og tiltak for ansvarleg bruk av digital teknologi.

Dei enkelte landavtalane blir utarbeidde i 2025, og dei fleste programma vil vere på plass i løpet av 2026.

EØS-midlar og arbeid mot desinformasjon i Polen

I neste periode med EØS-midlar skal innsatsen mot desinformasjon i Polen styrkjast. I beredskapsprogrammet, som det polske innanriksdepartementet leier, er det sett av 10 millionar euro til tiltak for å motverke desinformasjon og sikre informasjonsintegritet.

Også innanfor andre programområde blir det lagt til rette for å byggje motstandskraft mot desinformasjon og ekstremisme, mellom anna gjennom demokratiopplæring og styrkt kritisk medieforståing. Eit av tiltaka som skal vurderast, er eit samarbeid mellom nasjonalbiblioteka i Noreg, Island og Polen der biblioteka kan fungere som arenaer for samfunnsdebatt, demokratiopplæring og kritisk medieforståing.





Regjeringa vil

- ✧ vurdere å gi tilskot til etablering av Tenk – senter for kjeldemedvit
- ✧ styrkje arbeidet biblioteka gjer med lesing og leselyst, og styrkje kompetansen deira på digital inkludering
- ✧ førebyggje utanforskap på nett gjennom arbeidet for ein meir inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur
- ✧ sørge for meir og oppdatert informasjon om kjeldekritikk og desinformasjon på ung.no
- ✧ styrkje forebygginga av radikalisererte grupper
- ✧ styrkje Medietilsynets arbeid med kritisk medieforståing
- ✧ lage ei rettleiing til forbrukarane om rettane deira i sosiale medium
- ✧ styrkje det nordiske samarbeidet om kritisk medieforståing
- ✧ støtte tiltak for å auke motstandskrafta mot desinformasjon gjennom EØS-midlane

Ansvarleggjere sosiale medium

03



3.1 Innleiing

Internett, søkjemotorar, meldingstenester, sosiale medium og andre internettplattformer har gjort det enklare å få tilgang til informasjon og å delta i og vere knytt til det offentlege ordskiftet. Det er grunnleggjande positivt for ytringsfridommen. Ni av ti nordmenn bruker sosiale medium,⁴² som dermed er ei viktig plattform for den offentlege samtalen i Noreg. I dette kapittelet er det derfor sosiale medium som er hovudtemaet.

Utviklinga dei siste tjue åra har vore prega av ei *plattformisering* av internett, frå eit ope internett der alle har tilgang, til sosiale medium og andre internettplattformer som er lukka bak innlogging. Det introduserer utfordringar som krev nye svar. Eventuelle tiltak må balanserast mot ytrings- og informasjonsfridommen, som inkluderer retten til å dele usann eller villeiande informasjon.

Sosiale medium har både styrkt og utfordra den opne og informerte samtalen i Noreg. Dette kapittelet omtaler utfordringane og presenterer verkemiddel og tiltak som regjeringa meiner er nødvendige for å møte dei.

3.2 Utfordringar

3.2.1 Mangel på reguleringar og effektiv handheving

Innhaldsmoderering, algoritmisk forsterking og avgrensing av ulike typar innhald er eit resultat av medvitne val frå tilbydarane av sosiale medium. Likevel har dei sosiale media i liten grad blitt haldne ansvarlege for spreiking og forsterking av ulovleg innhald, desinformasjon, uønskt valpåkverknad og avgrensingar av innhald frå redaktørstyrte medium.

Sosiale medium har vore lite regulerte, og dei er òg krevjande å regulere. Dei største sosiale media er amerikansk- eller kinesiske, med europeiske

hovudkontor i land som Irland og Nederland. Sidan dei største sosiale media er etablerte utanfor norsk jurisdiksjon, er det utfordrande å stille dei til ansvar for regelverksbrot i Noreg.

Personvernforordninga⁴³ stiller krav til måten sosiale medium samlar inn og bruker personopplysningar på. Plattformene må mellom anna ha eit rettsleg grunnlag for å bruke personopplysningar til profilering og målretta annonsering. Personvernregelverket er likevel ikkje nok åleine til å handtere utfordringane knytte til spreiking av desinformasjon på sosiale medieplattformer. Felleseuropeisk samarbeid er derfor nødvendig.

EU har no vedteke eit nytt sett av digitale regelverk som skal sikre større demokratisk kontroll med dei sosiale medieplattformene. Regelverka blir norsk lov dersom dei blir innlemma i EØS-avtalen og gjennomførte i norsk rett.

Meta har varsla at dei, saman med den sitjande administrasjonen i USA, vil arbeide mot europeiske lover som dei meiner går ut over ytringsfridommen.⁴⁴ Vurderingar opp mot ytringsfridommen har vore svært viktige i utarbeidinga av dei nye digitale regelverka og vil vere vesentlege i handhevinga.

3.2.2 Sosiale medium er effektive kanalar for spreiking av desinformasjon


Sosiale medium, meldingstenester og internettplattformer er blitt attraktive kanalar for spreiking av desinformasjon, valpåkverknad og påverknadsoperasjonar. Det kjem mellom anna av at innlegg i sosiale medium blir publiserte i sanntid utan førehandskontrull og i tillegg kan målrettast mot spesifikke brukargrupper mot betaling.

Forretningsmodellen til sosiale medium som Facebook, Instagram, X, TikTok og Snapchat byggjer på

⁴² [Bruk av IKT i husholdningene, Statisk sentralbyrå \(2023\)](#)

⁴³ Forordning (EU) 2016/679 – GDPR

⁴⁴ [Transcript: Mark Zuckerberg Announces Major Changes to Meta's Content Moderation Policies and Operations, Techpolicy.Press \(2025\)](#)



Kunstig generert innhald kan vere eit effektivt verkemiddel for å påverke demokratiske val og politiske meiningar, ved å byggje opp og forsterke eksisterande haldningar eller spele på kjensler.

sal av målretta annonsar. Det inneber at tilbydarane kan ha økonomisk interesse av at brukarane bruker mest mogleg tid på plattformene deira. Tilbydarane har tilgang på store mengder persondata og brukarmønster over tid. Dei sorterer brukarane i ulike interesseprofilar. Ved å kople slike persondata til algoritmar kan plattformene målrette innhald og annonsar til kvar enkelt brukar. Sjølv om dette gjer at brukarane får tilgang til innhald dei interesserer seg for, aukar òg risikoen for spreiring av feil- og desinformasjon.

Feilaktig eller villeiande informasjon, formidla på måtar som er særskilt tilpassa preferansane til den enkelte, kan ha stor påverknadskraft. På denne måten kan innsamling og bruk av persondata bidra til å spreie og forsterke desinformasjon.

Hatefulle ytringar, feilinformasjon og desinformasjon skaper engasjement og spreier seg raskt i sosiale medium, både gjennom menneskeleg interaksjon (som likerklubb, deling og kommentarar) og gjennom forsterking av tilrådingsalgoritmane på plattformene.⁴⁵ Tilrådingsalgoritmane kan i tillegg føre til redusert spreiring av redaksjonelt innhald og

andre former for truverdig innhald.⁴⁶ Kunstig intelligens, maskinlæringsmodellar og algoritmar spelar ei viktig rolle for rangering av innhald.

3.2.3 Generativ kunstig intelligens kan misbrukast

Utviklinga og utbreiinga av generativ kunstig intelligens går raskt. Teknologien kjem med mange moglegheiter, men òg utfordringar.

Generativ kunstig intelligens gjer det vanskelegare å skilje mellom ekte og syntetisk tekst, lyd, bilete og video. Å setje opp ei nettavis med falske nyheiter generert av kunstig intelligens krev lite tid og ressursar.⁴⁷ Kunstig generert innhald kan vere eit effektivt verkemiddel for å påverke demokratiske val og politiske meiningar, ved å byggje opp og forsterke eksisterande haldningar eller spele på kjensler.

Generativ kunstig intelligens har vore nytta av desinformasjonsaktørar i samband med fleire val, til dømes i USA⁴⁸ og Slovakia⁴⁹, men det er vanskeleg å måle kva effekt det har hatt på valresultatet. Ein rapport om EU-valet i fjor viste at inautentisk åtferd, som botar og falske profilar, og generativ kunstig

⁴⁵ [Skewed Perspectives: Examining the Influence of Engagement Maximization on Content Diversity in Social Media Feeds](#), Paul Bouchaud (2023)

⁴⁶ [Reuters Digital News Report](#), Newman mfl. (2024)

⁴⁷ [How I Built an AI-Powered, Self-Running Propaganda Machine for \\$105](#), Wall Street Journal (2024)

⁴⁸ [Fake Joe Biden robocall urges New Hampshire voters not to vote in Tuesday's Democratic primary](#), CNN (2024)

⁴⁹ [A fake recording of a candidate saying he'd rigged the election went viral. Experts say it's only the beginning](#), CNN (2024)

intelligens blei brukt i desinformasjonskampanjar i forkant av valet, men i mindre grad enn frykta. Rapporten peikte på europeiske reguleringar og dei risikodempande tiltaka frå plattformene som moglege forklaringar.⁵⁰ Også ekspertgruppa for kunstig intelligens og val vurderer at generativ kunstig intelligens hadde mindre å seie enn frykta, i vala dei undersøkte i 2024, men at både teknologien og trendane utviklar seg raskt, og med det også utfordringsbiletet og behovet for å byggje motstandskraft i befolkninga og samfunnet.⁵¹

Inautentisk innhald og inautentiske profilar er ein viktig del av økosystemet for desinformasjon. Hausten 2024 blei valet i Romania annullert på bakgrunn av utanlandske påverknadsaksjonar på TikTok. Inautentiske kontoar, innhald generert av kunstig intelligens og bruk av influensarar var sentrale komponentar.⁵² Automatiserte program (botar) blir brukte til å publisere, like og dele innlegg. Europakommisjonen har oppretta ei granskingssak mot TikTok for å vurdere om tiltaka plattformar har sett inn for å motverke valpåverknad, har vore tilstrekkelege etter europeiske regelverk.⁵³

Generativ kunstig intelligens kan òg bidra til spreing av feilinformasjon gjennom såkalla hallusinerings. Ein språkmodell kan generere falskt innhald som verkar truverdig og korrekt. Fleire sosiale medium har KI-assistentar og chatbotar som ein del av tenesta, og det er ein tendens til at bruk av chatboten til ChatGPT og TikTok erstattar bruk av tradisjonelle søkjemotorar, særleg blant unge mediebrukarar.^{54, 55}

Språkmodellar kan ha tilsikta og utilsikta politiske skeivskapar som brukarane ikkje er klar over.⁵⁶ Ein studie har til dømes dokumentert korleis det store omfanget av russisk propaganda på nettet, mellom anna i form av KI-genererte nettaviser, har påverka dei store språkmodellane til å reprodusere russisk propaganda. I fleire tilfelle har språkmodellane sitert propagandaen som truverdige kjelder.⁵⁷

3.2.4 Plattformmakt kan misbrukast

Internettplattformene er eigde av nokre få globale teknologiselskap, som har stor makt over og innverknad på den offentlege samtalen. Teknologiselskapa har ein dominerande marknadsposisjon i den digitale annonsemarknaden og hos appbutikkane, og det gir dei konkurransefordelar. I tillegg har mange etablert seg i land med låge skattar, noko som forsterkar forskjellane i konkurransevilkåra for globale og nasjonale aktørar ytterlegare. Dette utfordrar finansieringa av redaktørstyrte medium, som konkurrerer om dei same annonsepengane. Det kan gå ut over mediemangfaldet og redusere tilgangen på faktasjekka og verifisert informasjon.

Endringar i systemdesign og tilrådingsalgoritmar kan få store konsekvensar for samfunnet. Då Facebook i 2018 endra algoritmane slik at dei skulle fremje engasjerande innhald,⁵⁸ førte det samtidig til auka spreing av hatefulle ytringar og skadeleg innhald. Avgrensingane for redaksjonelt innhald som mellom andre Meta har innført, har fått konsekvensar for trafikken til redaktørstyrte medium.⁵⁹

Større geopolitiske spenningar kan auke interessa for å bruke algoritmar til å oppnå politiske mål – og

⁵⁰ [European Board for Digital Services publishes post-election report on the EU elections](#), EU-kommisjonen (2024)

⁵¹ [Kunstig intelligens og demokratiske valg – internasjonale erfaringer og nasjonale anbefalinger](#) (2025)

⁵² [Romania's security chiefs confirm election cyberattacks, request TikTok probe](#), Politico (2024)

⁵³ [Commission opens formal proceedings against TikTok on election risks under the Digital Services Act](#), EU-kommisjonen (2024)

⁵⁴ [Why do people use ChatGPT? Exploring user motivations for generative conversational AI](#), Sintef (2024)

⁵⁵ [Medietrender Ung 2024](#), Kantar

⁵⁶ [Kunstig intelligens og demokratiske valg – internasjonale erfaringer og nasjonale anbefalinger](#) (2025)

⁵⁷ [The Infection of Western AI Chatbots by a Russian Propaganda network](#), NewsGuard (2025)

⁵⁸ [The Facebook Files](#), The Wall Street Journal

⁵⁹ [Reuters Digital News Report](#), Newman mfl. (2024)

risikoen for slik bruk av algoritmar. Moglegheita til å målrette innhald inneber ein risiko for skjult påverknad av meiningar og politiske haldningar, og misbruk av plattformmakt. Dette gir eit behov for innsyn i og tilsyn med bruk av algoritmar i sosiale medium.

3.2.5 Lite innsikt og innsyn i dataa på plattformene

Fleire sosiale medium gir forskarar tilgang til data, men tilgangen er avgrensa, og det er stor uvisse knytt til datakvalitet og framtidig tilgang. Fleire sosiale medieplattformer har nyleg stramma inn rutinane sine for deling av data.⁶⁰

Utan tilstrekkeleg tilgang til data er det vanskeleg å sikre eit godt datagrunnlag for å undersøkje korleis desinformasjon spreier seg på dei ulike plattformene, korleis tilrådingssystemane forsterkar desinformasjon, og kor godt tiltaka plattformene set inn mot desinformasjon, verkar. Eit godt faktagrunnlag er viktig for å kunne setje inn treffsikre tiltak for å avgrense samfunnsrisikoar i dei sosiale media.

God tilgang til data er òg viktig for at tilsynsorgana skal kunne vurdere kor godt dei sosiale media følgjer regelverka.

3.2.6 Manglande tiltak for å verne barn og unge

Barn og unge er spesielt sårbare for skadeleg design og skadeleg innhald, som til dømes desinformasjon. Døme på skadeleg design er vaneskapande algoritmar, tilrådingssystem som forsterkar skadeleg innhald, og manipulerande design. Manipulerande design kan få ein brukar til å gjere val som ikkje gagnar hen sjølv. Designet kan til dømes gjere det

vanskelegare å avslå enn å samtykkje til innhenting av personopplysningar, eller det kan framskande ei kjøpsavgjerd. Manipulerande design kan òg brukast til å påverke meiningane til ein person.

Meld. St. 13 (2024–2025) *Forebygging av ekstremisme – Trygghet, tillit, samarbeid og demokratisk motstandskraft* beskriv ei særleg bekymring knytt til mindreårige som deltek i transnasjonale digitale nettverk. Mykje av den ekstremistiske propagandaen er utforma og distribuert på ein måte som òg appellerer til eit yngre publikum. Sosiale medium kan fungere som radikaliserings- og rekrutteringsportalar. I denne samanhengen er det særleg urovekkjande at unge møter ekstremt tankegods og valdsherleggjerande ideologiar, kombinert med grovt videomateriale.

Skadeleg design på plattformene, og konsekvensane for barn og unge, står sentralt i eit søksmål mot Meta som fleire amerikanske delstatar står bak.⁶¹ Amnesty har dokumentert korleis TikTok løftar fram skadeleg innhald i nyheitsfeeden for barn og unge.⁶² Unge jenter er særlege sårbare for å bli avhengige av sosiale medium.⁶³ Meld. St. 32 (2024–2025) *Trygg oppvekst i et digitalt samfunn* omtaler fleire utfordringar og moglegheiter når det gjeld barns bruk av mellom anna sosiale medium og digitale verktøy.

Sju av ti barn i aldersgruppa 9–12 år bruker sosiale medium, sjølv om aldersgrensa er 13 år. Påverknadsaktørar bruker spelplattformer og tilhøyrande meldingstenester aktivt for å påverke barn og unge.⁶⁴ Fleire av tenestene blir regulerte av nye europeiske regelverk, og desse må utnyttast for å motverke risikoar for uønskt påverknad.


⁶⁰ [Commission sends request for information to Meta under the Digital Services Act, EU-kommisjonen \(2024\)](#)

⁶¹ [Dozens of states sue Meta over addictive features harming kids, Politico \(2023\)](#)

⁶² [Global: TikTok's 'For You' feed risks pushing children and young people towards harmful mental health content, Amnesty International \(2023\)](#)

⁶³ [NOU 2024: 20](#)

⁶⁴ [Align foreign interference and information influence on video game platforms: understanding the adversarial playbook, Myndigheten för psykologiskt försvar \(2023\)](#)



Sju av ti barn i aldersgruppa 9–12 år bruker sosiale medium, sjølv om aldersgrensa er 13 år. Påverknadsaktørar bruker spelplattformer og tilhøyrande meldingstenester aktivt for å påverke barn og unge.

3.3 Verkemiddel


Dei siste åra har EU vedteke fleire regelverk som fremjar ein meir rettferdig konkurranse og rettsvernet til brukarane av digitale tenester. Målet er å redusere samfunnsrisikoar og verne om ytringsfri-dom, informasjonsfridom og mediefridom. Regel-verka er relevante for arbeidet mot desinformasjon og valpåverknad. Regelverka kan først handhevast etter å ha blitt del av norsk lov.

DSA regulerer ulike digitale tenester, som internet-tilbydarar, skylagringstenester, meldingstenester, sosiale medium, søkjemotorar og andre internett-plattformer. Strengast er reglane for dei største internettplattformene og søkjemotorane. Det gjeld mellom anna TikTok, Instagram, Facebook, Snapchat, YouTube og X, der risikoane for den enkelte brukaren og samfunnet er størst.

3.3.1 Forordning om digitale tenester (Digital Services Act – DSA)

Forordning om digitale tenester⁶⁵ (DSA) har som mål å styrkje brukarrettane på internett og er eit viktig verkemiddel for å motverke den negative effekten sosiale medium kan ha på den offentlege samtalen, i form av spreiding av desinformasjon, forsøk på val-påverknad og innhald som kan vere skadeleg for barn og unge. Forordninga vil i større grad gjere sosiale medium ansvarlege for måten dei formidlar innhald på.

⁶⁵ Europaparlamentets- og rådsforordning (EU) 2022/2065 av 19. oktober 2022 om ein indre marknad for digitale tenester og om endring av direktiv 2000/31/EF (forordning om digitale tenester)



Sentrale reglar i DSA

- Nasjonale styresmakter kan sende ordre om å fjerne innhald som er ulovleg etter nasjonal lovgiving, direkte til tilbydaren.
- Sosiale medium og andre internettplattformer må ha eit system for å behandle varsel frå brukarane om ulovleg innhald og innhald som bryt med avtalevilkåra. Plattformene skal prioritere varsel frå styringsorgan eller organisasjonar som har status som sertifiserte varslarar (*trusted flaggers*).
- Brukarane har rett til å klage dersom innhald eller kontoar blir sletta, og rett til å få klagene sine behandla av eit uavhengig klageorgan.
- DSA forbyr manipulerande design og åtferdsbasert marknadsføring retta mot mindreråge.
- Dei største plattformene og søkjemotorane må identifisere og motverke systemiske risikoar for mellom anna ytringsfridommen, pressefridommen, forbrukarvernet og personvernet, og negative effektar for den offentlege samtalen og valprosessar. Døme på tiltak mot systemrisiko er å overhalde plikta til å fjerne ulovleg innhald, handheve avtalevilkåra og motverke risikoar ved tilrådingsalgoritmar både for brukarinnlegg og for annonsar. Barn og unge skal ha eit særskilt vern, og eit av tiltaka for å sikre det er aldersverifisering.
- Forskarar og tilsynsorgan får tilgang til data som kan gi dei eit betre faktagrunnlag for å vurdere omfanget av desinformasjon og uønskt politisk påverknad og korleis tilrådingssystema (algoritmane) påverkar det offentlege ordsiftet.
- Europakommisjonen får innsyn i algoritmar og maskinlæringsmodellar som ligg til grunn for innhaldsmodereringa og tilrådingssystema på plattformene, og det er etablert eit europeisk algoritmetilsyn (European Centre for Algorithmic Transparency – ECAT).

Bransjenorma mot desinformasjon (Code of Conduct on Disinformation)⁶⁶ er integrert med DSA som eit risikoavgrensande tiltak for å motverke negative effektar for den offentlege samtalen, særleg knytt til feil- og desinformasjon. Sosiale medieplattformer som har slutta seg til bransjenorma, skal rapportere om effekten av tiltaka to gonger i året.

Bransjenorma omfattar tiltak for å dempe spreinga av feil- og desinformasjon, redusere annonseinntektene til desinformasjonsaktørar, avgrense inautentisk åtferd og KI-genererte innlegg og kontoar, og merkje faktasjekka innhald. Medietilsynet publiserer vurderingar av kor godt plattformene etterlever bransjenorma i Noreg, på nettsidene sine. Vurderingane inneheld ei visualisering som gjer det mogleg å følgje utviklinga over tid.⁶⁷

I kvart land er det peikt ut ein DSA-koordinator som er ansvarleg for å handheve DSA i samarbeid med andre nasjonale tilsynsorgan. Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit er peikt ut som norsk DSA-koordinator og har hovudansvaret for å handheve DSA i Noreg. Medietilsynet, Datatilsynet og Forbrukartilsynet er peikte ut som kompetente styresmakter på kvar sitt ansvarsområde.

Tilsynsorgana deltek i det europeiske DSA-rådet. Dette gir dei eit unikt høve til å medverke aktivt til handhevinga av regelverka og bidra til god rettstryggleik for norske brukarar av sosiale medium. Dersom ei teneste bryt regelverket, kan ho få bøter på inntil seks prosent av den årlege globale omsetninga si.

3.3.2 Forordning om mediefridom (European Media Freedom Act – EMFA)

Pressefridommen og mediemangfaldet er under press i Europa. Forordning om mediefridom⁶⁸ (mediefridomsforordninga) skal verne redaksjonelle medium mot statleg og privat påverknad og fremje mediemangfald.

Medlemslanda skal ikkje påverke redaksjonelle avgjerder. Dei skal verne om tryggleiken til journalistar og respektere kjeldevernet. Mediefridomsforordninga vil verne pressefridommen betre på dei største sosiale medieplattformene og søkjemotorane.

Plattformene skal mellom anna varsle nyheits- og aktualitetsmedium 24 timar før dei fjernar eller avgrensar eit redaksjonelt innlegg, og media vil ha klagerett. Det blir òg lagt opp til dialogmøte mellom redaksjonelle medium og sosiale medium ved behov. Møta skal organiserast av European Board for Media Services, der Medietilsynet deltek.

3.3.3 Forordning om openheit og målretting av politisk reklame

Forordninga om openheit og målretting av politisk reklame⁶⁹ har mellom anna som mål å sikre ein open og opplyst politisk debatt og frie og rettferdige val og å motverke desinformasjon og ulovleg innblanding frå tredjeland. Forordninga stiller krav til openheit og målretting av reklame i samband med eit val, ei folkerøysting eller ein lovgivingsprosess i EU eller i ein medlemsstat.

Forordninga er utarbeidd på bakgrunn av bekymringar for farane ved valpåverknad. Ho skal gjere det enkelt for befolkninga å kjenne igjen politisk reklame, forstå kven som står bak reklamen, og vite om han har vore målretta, slik at dei er betre rusta til å ta

⁶⁶ [Code of conduct on disinformation](#)

⁶⁷ [Bransjenormen mot desinformasjon, Medietilsynet](#)

⁶⁸ Europaparlaments- og rådsforordning 2024/1083 av 11. april 2024 om etablering av eit felles rammeverk for medietjenester i den indre marknaden og om endring av direktiv 2010/13/EU (europeisk rettsakt om mediefridom)

⁶⁹ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2024/900 av 13. mars 2024 om openheit og målretting av politisk reklame



Nye europeiske regelverk gir sosiale medium, søkjemotorar og andre internettplattformer ei forplikting til å verne om den offentlege samtalen, bidra til meir rettferdig konkurranse og gi tilgang til data.

opplyste val. Forordninga regulerer ikkje innhaldet i politisk reklame og omfattar heller ikkje redaksjonelt innhald eller uttrykk for personlege synspunkt.

Forordninga stiller krav til merking av politisk reklame. Merkinga skal mellom anna vise kven som har betalt, kvar pengane kjem frå, og kva som er formålet med reklamen. Bakgrunnen for dette er mellom anna at det som verkar som nøytral informasjon, kan vere finansiert av eit anna land som prøver å påverke eit val.

Vidare krev forordninga at ein må ha innhenta eit uttrykkjeleg samtykke for å kunne bruke personopplysningar til å målrette politisk reklame på nett. Forordninga tillèt ikkje målretta reklame basert på sensitive persondata (etnisitet, religion, seksuell orientering) og heller ikkje bruk av persondata frå mindreårige. Bakgrunnen for dette er at nokon kan misbruke informasjonen i mikro-målretting for å nå ut til ulike grupper og for å bruke emosjonell manipulasjon og spreie desinformasjon.

3.3.4 Forordning om kunstig intelligens (AI Act)

Forordning om kunstig intelligens (KI-forordninga)⁷⁰ har som mål å sikre ansvarleg bruk av KI-system i den indre marknaden. KI-forordninga handlar om produkttryggleik og produktansvar og kan bidra til å redusere risikoen for eventuelle negative konsekvensar ved bruk av kunstig intelligens. Forordninga deler KI-system inn i ulike risikoområde: høgrisiko,

systemisk risiko, avgrensa risiko og minimal risiko. Ho forbyr skadelege KI-praksisar, som sosial rangering, bruk av enkelte former for biometrisk gjenkjenning i sanntid og bruk av KI for å manipulere sårbare grupper. Forordninga omfattar ikkje KI-system for militær bruk. Bruk av KI for å skape verkelegheitsliknande lyd, bilete og video (*deep fakes*) skal merkjast, med nokre unntak for straffeprosess og presisering for mellom anna satirisk innhald. Regjeringa har vedteke at Nasjonal kommunikasjonsmyndigheit (Nkom) skal vere det nasjonale koordinerande tilsynet for KI-forordninga og sørgje for at reglane blir følgde opp på ein einskapleg måte i Noreg.

3.4 Tiltak

3.4.1 Rask gjennomføring og effektiv handheving av europeiske regelverk

Nye europeiske regelverk gir sosiale medium, søkjemotorar og andre internettplattformer ei forplikting til å verne om den offentlege samtalen, bidra til meir rettferdig konkurranse og gi tilgang til data. Regelverka blir viktige instrument mot risikoane ved desinformasjon, uønskt valpåverknad, inngrep i pressefridommen i Noreg og misbruk av kunstig intelligens. Regelverka kan først handhevast etter å ha blitt del av norsk lov.

Dei aller fleste plattformene som er i bruk i Noreg, er etablerte i utlandet, utanfor norsk jurisdiksjon. Særnorske lover er derfor ofte ikkje tilstrekkelege til å kunne følgje opp regelverksbrot, og det er derfor

⁷⁰ Europaparlaments- og rådsforordning (EU) 2024/1689 av 13. juni 2024 om fastsetjing av eit harmonisert regelverk om kunstig intelligens og om endring av forordning (EF) nr. 300/2008, (EU) nr. 167/2013, (EU) nr. 168/2013, (EU) 2018/858, (EU) 2018/1139 og (EU) 2019/2144 og direktiv 2014/90/EU, (EU) 2016/797 og (EU) 2020/1828 (KI-forordninga)

viktig å utnytte moglegheitene som ligg i EU-regelverk. Når det gjeld handheving av reglar knytte til spreing av desinformasjon og styrking av det offentlege ordskiftet, er det Medietilsynet som har relevant kompetanse.

Regjeringa arbeider for at relevante EU-regelverk skal bli innlemma i EØS-avtalen og gjennomførte i norsk rett så snart som mogleg, og sørgjer for at relevante tilsynsorgan har ressursane dei treng til å handheve regelverka effektivt.

3.4.2 Styrkje kunnskapen om kva sosiale medium har å seie for spreing av desinformasjon

Nye regelverk og betre tilgang til data kan gjere det mogleg å forstå betre korleis sosiale medium påverkar det offentlege ordskiftet i Noreg og Norden, både når det gjeld spreing av desinformasjon, og når det gjeld avgrensing av redaksjonelt og andre typar truverdig innhald.

- Metodikk for å analysere korleis sosiale medium etterlever relevante regelverk

Effektiv handheving av DSA føreset at norske tilsynsorgan kartlegg, dokumenterer og varslar Kommisjonen eller den nasjonale DSA-koordinatoren ved mistanke om moglege regelbrot i Noreg.

Medietilsynet har fått i oppdrag å utarbeide ein metodikk for å forstå korleis sosiale medium påverkar den offentlege samtalen i Noreg, og om tiltaka for å motverke desinformasjon og verne om redaksjonelt innhald er tilstrekkelege. Dette inkluderer mellom anna å vurdere om algoritmane i sosiale medium bidreg aktivt til å forsterke spreing av desinformasjon eller avgrense spreing av truverdig innhald, og kva tiltak sosiale medium set inn for å avgrense omfanget av falske profilar og KI-generert innhald.

Regjeringa vil sørge for at relevante tilsynsorgan har tilstrekkelege ressursar til å dokumentere korleis sosiale medium handterer systemiske risikoar for spreing av desinformasjon, og korleis dei etterlever regelverka i ein norsk kontekst, for på denne måten å opplyse befolkninga og leggje forholda til rette for at regelverksbrot kan handhevast.

- Formidling av innsikt frå eigenrapporteringa til dei sosiale medieplattformene

Dei fleste sosiale medieplattformer har forplikta seg til å motverke desinformasjon og til å rapportere om effekten av tiltaka dei set inn, i tråd med bransjenorma mot desinformasjon som er omtalt i kapittel 3.3.1.⁷¹ Dei skal mellom anna rapportere om kor mange innlegg og annonsar som blir fjerna fordi dei bryt brukarvilkåra for plattformene, og kor mange inautentiske kontoar og innlegg som blir sletta. Sosiale medium skal i tillegg publisere openheitsrapportar og registrere data om alle innlegg som blir sletta eller avgrensa, i ein open database.

Medietilsynet skal analysere og samanstille relevante data frå sosiale medium og presentere dei for offentlegheita på ein eigna måte.

- Styrkt nordisk samarbeid om analyse og oppfølging av sosiale medium

Det krev mykje ressursar å analysere og følge opp etterlevinga av regelverka. Eit nordisk samarbeid kan bidra til meir effektiv handheving. Meir nordisk samarbeid om handhevinga av DSA var òg ei av tilrådingane frå den nordiske tankesmia for teknologi og demokrati.⁷²

Regjeringa vil støtte opp under eit godt samarbeid mellom relevante nordiske tilsynsorgan om relevante analysar av korleis sosiale medium, søkje-

⁷¹ [Code of conduct on disinformation](#)

⁷² [A Nordic approach to democratic debate in the age of BigTech, Nordisk Ministerråd \(2023\)](#)

motorar og store internettplattformer påverkar det offentlege ordsiftet i Norden.

- **Betre tilgang til data frå sosiale medium for forskarar**

DSA pålegg plattformene å gi forskarar innsyn i data. Forskarar kan søkje ein nasjonal DSA-koordinator om tilgang, og koordinatoren vil då vurdere det etter kriterium i regelverket. Dette kan bidra til meir innsikt i spreieing av desinformasjon i Noreg og gi eit betre faktagrunnlag for å forstå risikoar for den offentlege samtalen og vurdere kva tiltak som eventuelt kan setjast inn for å motverke risikoane. Regjeringa vil leggje til rette for meir forskning på spreieing av feil- og desinformasjon gjennom sosiale medium i Noreg.

3.4.3 Dialog med og oppfølging av sosiale medium i forkant av val

I samband med demokratiske val og viktige nasjonale hendingar aukar risikoen for uønskt påverknad. Før EU-vala i 2024 hadde Europakommisjonen tett dialog med dei største sosiale medieplattformene og utførte ein stresstest for å vurdere om beredskapen var god nok.⁷³ Formålet var å sørgje for tilstrekkelege beredskapstiltak for å motverke eventuelle påverknadsforsøk, og sikre at det fanst etablerte kommunikasjonslinjer dersom det blei registrert auka aktivitet, til dømes ved bruk av bot-nettverk.

Regjeringa vil vurdere om det er behov for tettare dialog med plattformene i forkant av val i Noreg og. DSA inneheld òg eigne prosedyrar som vil vere aktuelle ved seinare val.

3.4.4 Greie ut alderskontroll og aldersgrenser for sosiale medium

Barn og unge er særleg sårbare for feil- og desinformasjon og har rett til vern mot skadeleg innhald. Til dømes kan villeiande helseinformasjon ha stor skadeverknad. Det er viktig å sikre barn og unge eit godt vern mot skadeleg innhald i sosiale medium.

I dag kan 13-åringar samtykkje til at sosiale medium behandlar personopplysningane deira. Regjeringa foreslår å heve denne aldersgrensa til 15 år. Regjeringa arbeider med eit lovforslag om ei aldersgrense for barn sin bruk av sosiale medium, med 15 år som utgangspunkt. Målet er å verne barn og unge mot moglege skadeverknader knytt til bruk av sosiale medium, mellom anna feil- og desinformasjon. Data-tilsynet har òg fått i oppdrag å styrkje arbeidet med barn og aldersgrenser i sosiale medium.

3.4.5 Utvikling av norske og samiske språkmodellar ved Nasjonalbiblioteket

I 2024 la regjeringa fram *Fremtidens digitale Norge – nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030*,⁷⁴ der eitt av tiltaka er å etablere ein nasjonal infrastruktur for kunstig intelligens. Som ei oppfølging av dette har Nasjonalbiblioteket frå 2025 fått i oppdrag å trene, oppdatere og tilgjengeleggjere norske og samiske språkmodellar som norsk næringsliv og offentlig sektor kan ta i bruk i utvikling av KI-baserte verktøy og tenester. Grunngevinga for å utvikle eigne norske modellar handlar om å utvikle verktøy som er pålitelege og av høg kvalitet både språkleg og innholdsmessig, men òg om å redusere nokre av risikoane ved bruk av kunstig intelligens som er omtalte i dette kapittelet. Det er særleg viktig å sikre språkmodellar som speglar den norske offentlegheita og dei demokratiske verdiane våre, og å byggje gode alternativ til språkmodellar frå Kina eller USA.

Nasjonalbiblioteket vil ha full innsikt i korleis språkmodellane er trente, og kva data dei er trente på, og vil òg vere heilt opne om dette sjølve. Dei vil dermed leggje til rette for tryggare og betre dokumentert kunstig intelligens.

⁷³ [Commission stress tests platforms' election readiness under the Digital Services Act, EU-kommisjonen \(2024\)](#)

⁷⁴ [Fremtidens digitale Norge – Nasjonal digitaliseringsstrategi 2024–2030](#)





Regjeringa vil

- ✧ sørge for at DSA og andre EØS-relevante regelverk som regulerer sosiale medium, blir gjennomførte i norsk rett så snart som råd
- ✧ sørge for at relevante tilsynsorgan har ressursane dei treng for å handheve regelverka effektivt
- ✧ styrkje kunnskapen om kva sosiale medium har å seie for spreing av desinformasjon
 - utarbeide ein metodikk for å analysere kor godt sosiale medium etterlever DSA, og i kva grad dei motvirkar negative effektar på den offentlege samtalen og valpåverknad, inkludert desinformasjon
 - samanstill og tilgjengeleggjere relevant informasjon frå eigenrapporteringa til dei sosiale media om tiltak for å sikre den offentlege samtalen i Noreg
 - styrkje det nordiske samarbeidet for å forstå korleis sosiale medium påverkar den offentlege samtalen
- ✧ sørge for dialog med sosiale medium i forkant av val
- ✧ setje opp aldersgrensa for når barn kan samtykkje til at sosiale medium behandlar personopplysningane deira, frå 13 til 15 år
- ✧ sende forslag om å innføre aldersgrense for sosiale medium på høyring
- ✧ sørge for at det blir utvikla norske og samiske språkmodellar

Styrkje dei redaktørstyrte media

04



4.1 Innleiing

Redaktørstyrte medium skal opplyse befolkninga i saker som er viktige for samfunnet, og sikre at ulike stemmer kjem til orde i den offentlege debatten. Media skal òg vere ei vaktbikkje som avdekkjer krittikkverdige forhold og vernar enkeltindivid mot overgrep eller forsømmingar. Eit demokratisk samfunn med frie, redaktørstyrte medium som fyller dette samfunnsoppdraget, har eit godt utgangspunkt for å kunne motverke spreiking av desinformasjon. God tilgang på verifisert, balansert og aktuell informasjon gjer befolkninga mindre sårbar for påverknad. Dei redaktørstyrte media er derfor viktigare enn nokon gong.

For at redaktørstyrte medium skal kunne bidra med balansert og tillitvekkjande informasjon til heile befolkninga, treng vi eit mangfald av medium som fremjar ulike perspektiv og formidlar ulike historier og analysar, på ulike måtar. Allmennkringkastarane, nasjonale medium, lokale medium og nisjemedium bidreg til at ulike stemmer og synspunkt kjem til orde i den offentlege debatten.

For at dei redaktørstyrte media skal kunne utføre samfunnsoppdraget sitt, er dei avhengige av at befolkninga har tillit til at dei er frie og uavhengige, og til at dei leverer truverdig innhald av høg kvalitet. Tilliten til redaktørstyrte medium er stabil og gjennomgåande høg i Noreg.^{75,76} Sjølvstendet til media er verna gjennom medieansvarslova og gjennom sjølvdømmesystemet. Noreg ligg øvst på pressefrikdomsindeksen til Reportere uten grenser for niande året på rad.⁷⁷

Media er òg avhengige av at befolkninga bruker innhaldet dei produserer. Drygt sju av ti nordmenn får dagleg med seg nyheiter frå aviser, tenester på internett eller direktesend radio og TV,⁷⁸ og Noreg ligg òg i verdstoppen når det gjeld vilje til å betale for nyheitstenester på nettet.⁷⁹ Samtidig er det ein god del nordmenn som får informasjon og nyheiter frå andre kjelder enn redaktørstyrte medium. Meir enn kvar fjerde nordmann oppgir at sosiale medium er ei av dei viktigaste nyheitskjeldene deira.⁸⁰

Den økonomiske situasjonen i mediesektoren er utfordrande. Dei redaktørstyrte media står i ei omfattande digital omstilling, samtidig som dei mistar annonseinntekter til globale teknologigigantar.

Dette kapittelet beskriv desse utfordringane nærmare og presenterer tiltak regjeringa vil setje inn for å styrkje mediemangfaldet og setje dei redaktørstyrte media betre i stand til å fyller samfunnsoppdraget sitt.

4.2 Utfordringar

4.2.1 Folks medievanar er i endring

I 1991 las 84 prosent av alle nordmenn aviser på ein gjennomsnittsdag. I 2024 var det berre 65 prosent som las nyheiter på papir eller nett. Prosentdelen som har tilgang til betalte nyheitstenester, aukar med alder, utdanning og inntekt.⁸¹

Ein god del nordmenn får informasjon og nyheiter frå andre kjelder enn redaktørstyrte medium. Meir enn kvar fjerde nordmann oppgir at sosiale medium er ei av dei viktigaste nyheitskjeldene deira.⁸²

⁷⁵ [Tillitsbarometeret, Respons \(2024\)](#)

⁷⁶ [Reuters Digital News Report Norway, Moe og Bjørgan \(2024\)](#)

⁷⁷ [2025 World Press Freedom Index, Reporters Without Borders](#)

⁷⁸ [Mediemangfaldsrekneskapen 2025, Medietilsynet](#)

⁷⁹ [Reuters Digital News Report Norway, Moe og Bjørgan \(2024\)](#)

⁸⁰ [Mediemangfaldsrekneskapen 2025, Medietilsynet](#)

⁸¹ [Norsk mediebarometer 2024, Statistisk sentralbyrå](#)

⁸² [Mediemangfaldsrekneskapen 2025, Medietilsynet](#)

Å få nyheiter frå andre enn redaktørstyrte medium er ein del av ein sunn, offentleg debatt. Samtidig er det viktig å vere klar over forskjellen mellom individuelle meiningsytringar og informasjon som byggjer på journalistiske prinsipp og metodar. Det er òg viktig å vere klar over at algoritmar i sosiale medium gir brukarane meir av innhaldet som engasjerer, noko som kan vere med og skape eit skeivt nyheitsbilette.

4.2.2 Unge bruker redaktørstyrte medium i mindre grad

Unge i dag kan i større grad enn tidlegare generasjonar velje bort redaktørstyrte medium til fordel for andre medium og anna innhald. Dei kan sjonglere og kombinere plattformer, skjermar og innhald i eit stadig meir komplekst medielandskap. Om dei unge får med seg færre nyheiter enn før, er eit samansett spørsmål, men det finst studiar som peiker i den retninga.⁸³

Delen av befolkninga som oppgir at sosiale medium er den nyheitskjelda dei bruker mest, aukar jo yngre brukarane er. TikTok, Snapchat og YouTube er dei sosiale media der flest barn og unge i alderen 9–18 år får med seg nyheiter.⁸⁴ Av dei under 30 år oppgir 37 prosent at sosiale medium er ei av dei viktigaste nyheitskjeldene deira.⁸⁵ Nær halvparten av 16–24-åringane oppgir at dei ikkje bruker tradisjonelle nyheitsmedium (som radio, TV eller aviser) til å finne nyheiter.

At unge følgjer mindre med på nyheiter enn eldre gjer, er ikkje eit nytt fenomen. Men i overgangen frå papiravis til digital avis kan det vere at barn og unge i mindre grad får kjennskap til dei redaktørstyrte media. I sosiale medium kan dei konsumere innhald frå redaktørstyrte medium utan at dei nødvendigvis får med seg kven som er avsendaren. Det er vanskeleg å føresjå kva konsekvensar denne utviklinga

vil få. Ei bekymring er at det kan bli vanskelegare for redaktørstyrte medium å rekruttere oppveksande generasjonar. Samtidig er det stadig fleire unge vaksne som oppgir å ha tilgang til avisabonnement.⁸⁶

4.2.3 Medieøkonomien er under press

I den tradisjonelle forretningsmodellen til redaktørstyrte medium har inntekter frå annonsørar vore viktigare enn inntekter frå brukarbetaling. Tidlegare hadde dei redaktørstyrte media ein svært sterk posisjon gjennom å vere dei viktigaste portvaktarane i offentlegheita samtidig som dei kontrollerte ein sentral distribusjonskanal for marknadsføring. Digitaliseringa har endra dette landskapet på mange måtar når det gjeld både produksjon, distribusjon og konsum av tenester og innhald.

Dette har òg endra medieøkonomien. I ei digital medieverkelegheit blir brukarinntektene utfordra av konkurranse frå gratisinnhald og ei forventning hos brukarane om at innhald skal vere gratis tilgjengeleg. Samtidig blir annonseinntektene utfordra i ein reklamemarknad der selskap som Meta (Facebook, Instagram) og Alphabet (Google) har posisjonert seg som hovudplattformer for annonsar. Media har derfor opplevd eit stort fall i annonseinntekter. I 2023 hadde dei globale aktørane rundt tre gonger så høge annonseinntekter som norske aviser i den norske reklamemarknaden.

I dag er media avhengige av brukarinntekter for å finansiere journalistikken. Media har i stor grad lykkast med å få nordmenn til å betale for digitale nyheitstenester, men det har berre delvis kompensert for bortfallet av annonseinntekter. På oppdrag frå Medietilsynet har Oslo Economics kartlagt dei økonomiske føresetnadene til redaktørstyrte medium og sett på kva utfordringar media står overfor i åra som kjem.⁸⁷ Dei finn at inntekter frå brukarar

⁸³ [Nordmenns digitale nyhetsbruk, Reuters Digital News Report Norway \(2024\)](#)

⁸⁴ [Barn og medier 2024, Medietilsynet](#)

⁸⁵ [Mediemangfaldsrekneskapsen 2025, Medietilsynet](#)

⁸⁶ [Betaling for nyheter 2024, Mediebedriftenes Landsforening](#)

⁸⁷ [Redaktørstyrte mediers økonomiske forutsetninger – i dag og fremover, Oslo Economics \(2025\)](#)

Dei redaktørstyrte media står i eit krysspress mellom å publisere korrekt informasjon og å publisere raskt om hendingar som er i gang. Dette dilemmaet er forsterka gjennom konkurransen med sosiale medium, der mange publiserer uverifisert innhald mykje raskare enn dei redaktørstyrte media kan tillate seg.

må finansiere ein større del av journalistikken framover, og at media må investere mykje i digital infrastruktur for å konkurrere med andre kjelder til informasjon og underhaldning. Dei som er unge i dag, skal finansiere dei redaktørstyrte media i framtida – og dei føretrekkjer å sjå videoar eller lytte til podkastar når dei oppdaterer seg på nyheiter. Oslo Economics meiner derfor at etterspurnaden etter nyheiter i lyd- og biletformat vil auke.

4.2.4 Kunstig intelligens utfordrar dagens arbeidsmetodar

Den raske teknologiske utviklinga innanfor mellom anna generativ kunstig intelligens vil få store konsekvensar for korleis media jobbar. På den eine sida vil kunstig intelligens gjere det mogleg å effektivisere arbeidsprosessar og avdekkje saker som ikkje kunne avdekkjast tidlegare. På den andre sida har utviklinga innanfor generativ kunstig intelligens gjort arbeidet med verifisering og faktasjekk meir komplekst. I dag krev det ofte fleire og andre ressursar å vurdere om ei sak, eit bilete, ein video eller eit lydklipp er ekte. I tillegg er media utsette for misbruk frå aktørar som ønskjer å spreie desinformasjon.

Dei redaktørstyrte media står i eit krysspress mellom å publisere korrekt informasjon og å publisere raskt om hendingar som er i gang. Dette dilemmaet er forsterka gjennom konkurransen med sosiale medium, der mange publiserer uverifisert innhald mykje raskare enn dei redaktørstyrte media kan tillate seg.

Å dra nytte av teknologien krev både omstilling og kompetanseheving, og ein anstrengd medieøkonomi kan gjere det utfordrande for redaksjonane både å utnytte dei teknologiske moglegheitene og å minimere risikoane.

Redaktørstyrte medium i mange land, inkludert Noreg, har inngått avtalar med KI-selskap som bruker medieinnhaldet deira i tenester som samanliknar informasjon. Dersom lesarane i framtida føretrekkjer å bruke slike tenester framfor å bruke dei redaksjonelle media direkte, kan det få konsekvensar både for medieøkonomien og for mediebruken. Ei bekymring er at slike tenester kan føre til redusert trafikk til redaksjonelle medium. Samtidig kan tenester som lenkjer til media som blir refererte, òg føre til meir trafikk til eigne nettstader. Det er for tidleg å seie korleis dette vil slå ut.

4.2.5 Pressefridom og mediemangfald er under press på plattformene

At det finst redaksjonelt innhald i sosiale medium, kan vere viktig for å gi befolkninga enkel tilgang til påliteleg informasjon som følgjer journalistiske standardar for kvalitet, kjeldekritikk og faktasjekk. Dersom populære sosiale medieplattformer blir digitale nyheitsørkenar, kan det gi sårbarheit i form av manglande tilgang til lokale og nasjonale nyheits- og aktualitetssaker. Det kan òg ha negative konsekvensar for beredskap dersom det blir vanskelegare å nå ut med viktig informasjon. Samtidig finst det ei rekkje utfordrande sider ved det å distribuere informasjonen via sosiale medium.

Fleire av dei største sosiale medietenestene har innført algoritmiske avgrensingar på redaksjonelle artiklar fordi dei skaper mindre engasjement enn underhaldning og innlegg frå venner.

Dei sosiale medieplattformene kan avgrense spreidinga av innhald frå redaktørstyrte medium eller gjere inngrep i redaksjonelt innhald.⁸⁸ Redaksjonelle innlegg blir sletta fordi dei bryt brukarvilkåra, utan omsyn til nyheitsverdi eller den samfunnskritiske rolla til media. Fleire av dei største sosiale medietenestene har innført algoritmiske avgrensingar på redaksjonelle artiklar fordi dei skaper mindre engasjement enn underhaldning og innlegg frå venner.⁸⁹ Dette utfordrar pressefridommen og mangfaldet av nyheitsinnhald på plattformene og kan bidra til å svekkje motstandskrafta mot desinformasjon i befolkninga.

4.2.6 Redaktørstyrte medium er under press internasjonalt

Pressefridommen blir svakare globalt. Statar og andre politiske krefter spelar ei stadig mindre rolle i å verne om pressefridommen. I stadig fleire land blir det rapportert om at politiske aktørar snarare sjølv er involverte i propaganda og desinformasjonskampanjar i media.⁹⁰

I land som utfordrar dei tryggingspolitiske interessene våre, som Russland, Kina og Iran, finst det ikkje reell pressefridom. Russiske styresmakter bruker til dømes dei statleg styrte media i landet aktivt for å spreie desinformasjonskampanjar om vestlege land, retta både mot eiga befolkning og mot utlandet. Formålet er mellom anna å redusere støtta til NATO og Ukraina.

Rammevilkåra for redaktørstyrte medium i andre land kan òg få negative ringverknader for Noreg. Mange nordmenn følgjer med på nyheiter i andre land og kan bli utsette for desinformasjon dersom nyheitsdekninga ikkje følgjer journalistiske standardar. Desinformasjon om Noreg i andre land kan påverke ordsiftet her heime, redusere tilliten nordmenn har til styresmaktene, påverke norske næringsinteresser i andre land og skade Noregs omdømme internasjonalt. Mange norske redaktørstyrte medium baserer delar av utanriksinnhaldet sitt på dekninga i internasjonale medium. Norske redaktørstyrte medium er derfor i ein viss grad avhengige av ei truverdig og uavhengig utanlandsk presse for sjølv å kunne rapportere på ein sannferdig og balansert måte.


Verdssituasjonen påverkar dessutan tryggleiken til norske journalistar som rapporterer frå utlandet, noko som får ringverknader for pressefridommen. Mellom anna har krigane i Ukraina og Midtausten påverka tryggleiken for journalistar som rapporterer frå desse områda. I land med autoritære regime blir journalistar som rapporterer om politisk opposisjon, trakasserte.⁹¹ Den negative utviklinga for journalisttryggleiken kan føre til mindre nyheitsdekning frå slike land. Det kan gjere at dei redaktørstyrte media blir oppfatta som mindre relevante, og føre til at dagsordenen i større grad blir sett av uverifiserte nyheiter som spreier seg i sosiale medium.

⁸⁸ [Reuters Digital News Report, Newman mfl. \(2024\)](#)

⁸⁹ [Reuters Digital News Report, Newman mfl. \(2024\)](#)

⁹⁰ [2024 World Press Freedom Index, Reporters Without Borders](#)

⁹¹ [Strategi for ytringsfrihet i utenriks- og utviklingspolitikken](#)



Lover som regulerer norske medium

Lov om redaksjonell uavhengighet og ansvar i redaktørstyrte journalistiske medier (medieansvarslova)

Lova skal leggje til rette for eit ope og opplyst offentleg ordskifte gjennom å sikre redaksjonell fridom og etablere klare ansvarsforhold for innhald som blir publisert i redaktørstyrte journalistiske medium. Lova pålegg mellom anna medium som driv regelmessig journalistisk produksjon og publisering av nyheiter, aktualitetsstoff, samfunnsdebatt eller anna innhald av allmenn interesse, å peike ut ein ansvarleg redaktør som skal leie verksemda og ta avgjerder i redaksjonelle spørsmål. Utgiva- ren, eigaren eller selskapsleiinga elles kan ikkje instruere eller overprøve redaktøren i redaksjonelle spørsmål. Redaktøren er straffe- og erstatningsrettsleg ansvarleg for publisering av redaksjonelt innhald og marknadsføring.

Lov om økonomisk støtte til mediene (mediestøttelova)

Lova skal sikre sjølvstendet til dei redaktørstyrte journalistiske media og leggje til rette for eit mangfald av medium over heile landet. Formåla med dei ulike direkte mediestøtteordningane er tekne inn i mediestøttelova. Det må ei lovendring til for at direkte tilskotsordningar skal kunne opprettast eller avviklast, eller for at formåla med eksisterande ordningar skal kunne endrast.

Lov om kringkasting og audiovisuelle bestillingstjenester (kringkastingslova)

Lova inneheld mellom anna reglar om høvet til å drive kringkasting, vidaresendingar i kabelnett og formidlingsplikt og overordna reglar om organiseringa av NRK.


4.3 Verkemiddel

Den statlege mediepolitikken skal leggje til rette for at alle grupper i samfunnet har tilgang til eit godt medietilbod og ein opplyst offentleg samtale.

Både regulatoriske og økonomiske verkemiddel bidreg til å oppfylle mål om mangfald og kvalitet i norske redaktørstyrte medium.

4.3.1 Regulatoriske verkemiddel

I Noreg har vi fleire lover som skal sikre redaksjonell fridom og eit breitt medietilbod.



Dei direkte mediestøtteordningane

Produksjonstilskot til nyheits- og aktualitetsmedium

Produksjonsstøtta skal fremje uavhengig journalistikk av høg kvalitet, særleg i nyheits- og aktualitetsmedium i marknader som er for små til å vere berekraftige, eller som er alternativ til dei leiande nyheitsmedia.

Tilskot til lokale lyd- og biletmidium

Tilskotsordninga skal bidra til mediemangfald og yringsfridom og til å styrkje den demokratiske funksjonen til dei lokale lyd- og biletmidia i samfunnet, mellom anna gjennom digitalisering av lokalradio.

Innovasjons- og utviklingstilskot

Innovasjonsstøtta skal fremje mediemangfald og ein opplyst offentleg samtale gjennom å stimulere til redaksjonell, innhaldsretta innovasjon og utvikling hos nyheits- og aktualitetsmedium. Ordninga skal særleg fremje redaksjonell, innhaldsretta innovasjon og utvikling i små, lokale nyheits- og aktualitetsmedium.

Tilskot til samiske aviser

Støtte til samiske aviser og samiskspråklege avissider skal leggje til rette for demokratisk debatt, meiningsdanning og språkutvikling i det samiske samfunnet.

4.3.2 Dei direkte mediestøtteordningane

Dei fire direkte mediestøtteordningane har som formål å sikre både det geografiske og det tematiske mediemangfaldet.

I tillegg til dei direkte mediestøtteordningane finst det ei rekkje andre mediestøttetiltak.

4.3.3 Norsk rikskringkasting (NRK)

Samanlikningar mellom land tilseier at ein sterk allmennkringkastar bidreg til ei meir informert, og dermed meir motstandsdyktig, befolkning.⁹²

NRK bidreg til å fremje den offentlege samtalen og til at heile befolkninga får tilstrekkeleg informasjon til å kunne delta aktivt i demokratiske prosessar. NRK har i tillegg eit sjølvstendig ansvar for å bidra til det norske mediemangfaldet, regionalt og nasjonalt.

Målingar viser at befolkninga både har høg tillit til NRK og bruker nyheitstenestene aktivt.⁹³

NRK har òg ein sentral beredskapsfunksjon og har plikt til å sikre at informasjon frå regjeringa når befolkninga under beredskap og i krig.⁹⁴

⁹² [Resilience to Online Disinformation: A Framework for Cross-National Comparative Research, Humprecht mfl. \(2020\)](#)

⁹³ [Reuters Digital News Report Norway 2024, Moe og Bjørgan](#)

⁹⁴ [Forskrift om virksomheten i Norsk rikskringkasting under beredskap og i krig](#)

4.3.4 Tilskot til TV2 som kommersiell allmennkringkastar

TV2 har sidan 2018 hatt avtale om å levere kommersielle allmennkringkastingstenester. Målet med avtalen er å bidra til å halde oppe mediemangfaldet, sikre ein reell konkurrent til NRK og sikre riksdekkjande nyheitssendingar som blir produserte og sende utanfor Oslo.

Avtalen bidreg til å styrkje mediemangfaldet, mellom anna ved at ein får ein kommersiell allmennkringkastar som ikkje ligg i Oslo-området. Avtalen inneheld òg eit krav om at TV2 skal ha redaksjonelle medarbeidarar i nyheitssendingane på minst seks ulike stader i landet.

4.3.5 Fritak for meirverdiavgift for aviser

Då meirverdiavgiftssystemet blei innført i 1970, blei det bestemt at trykte medium, inkludert papiraviser, skulle vere fritakne frå avgifta. Fritaket for redaktørstyrte medium blei grunnlagt med at dei er viktige for den offentlege samtalen, og at ei differensiert dagspresse held oppe og skaper grunnlag for ei mangfaldig og fri meiningsdanning.⁹⁵ Fritaket gjeld for aviser, inkludert elektroniske aviser som inneholder en overveiende andel tekst og stillbilder.

4.3.6 Internasjonalt arbeid

Utanriksdepartementet har utarbeidd ein eigen strategi for ytringsfridom i utanriks- og utviklingspolitikken.⁹⁶ Strategien beskriv viktige prioriteringar i Noregs internasjonale arbeid for ytringsfridom og mangfald av frie og uavhengige medium. Måla blir følgde opp gjennom multilateralt samarbeid, politisk dialog og støtte til partnerorganisasjonar som FN, Europarådet, EØS, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og andre multilaterale organisasjonar, frivillige organisasjonar og bransjeorganisasjonar. Støtta inkluderer mellom anna tiltak for å styrkje journalisttryggleik, utdanning og opplæring av journalistar, kompetanseutveksling og utvikling av nasjonal lovgiving og institusjonar.

I Meld. St. 20 (2024–2025) *Innsats for demokrati, rettsstat og menneskerettigheter i Europa*⁹⁷ beskriv regjeringa korleis Noreg vil arbeide internasjonalt for å motverke spreiding av desinformasjon, gjennom å verne om ytringsfridommen, sikre ei uavhengig og kritisk presse og styrkje den kritiske medieforståinga. Noreg vil mellom anna bidra til å styrkje globale løysingar for faktasjekk, utfylle nasjonale reguleringar og synleggjere ansvaret teknologiselskapa har for menneskerettar.

⁹⁵ [Meirverdiavgiftslova – Ot.prp. nr. 17 \(1968–69\)](#)

⁹⁶ [Strategi for ytringsfrihet i utenriks- og utviklingspolitikken](#)

⁹⁷ [Meld. St. 20 \(2024–2025\)](#)

Kreativt Europa er EU sitt kultur- og medieprogram. Programmet motverkar desinformasjon ved å fremje mediemangfald, mediefridom og mediekunnskap. Kreativt Europa gir støtte til journalistar og arbeidet for frie medium i Europa, og Noreg har delteke i programmet sidan starten.

Kultursamarbeidet innanfor ramma av Nordisk ministerråd omfattar òg samarbeid på mediefeltet. Det nordiske samarbeidsprogrammet for kultur 2025–2030 har som mål å styrkje ytringsfridommen og den kunstnariske fridommen i Norden, mellom anna gjennom å rette merksemd mot den frie og uavhengige rolla til media. Programmet skal òg leggje vekt på å motverke desinformasjon gjennom auka nordisk samarbeid og konkrete tiltak.

4.4 Tiltak

4.4.1 Vurdere kva nivå, innretning og fordeling mediestøtteordningane skal ha

Medieøkonomien er under press som følge av fallande annonseinntekter og hard konkurranse frå dei globale plattformene. Med svakare økonomi har ikkje dei redaktørstyrte media like gode moglegheter til å sjekke, verifisere og balansere påstandar som ei motvekt til spreiding av desinformasjon. Ein svekt medieøkonomi kan òg gå ut over mediemangfaldet.

Dei direkte mediestøtteordningane inngår i fireårige styringssignal som Stortinget vedtek. Neste periode

gjeld for 2027–2030. Regjeringa vil i denne samanhengen vurdere kva nivå, innretning og fordeling dei direkte mediestøtteordningane skal ha.

4.4.2 Vurdere ulike tiltak for å få unge til å bruke redaktørstyrte medium meir

Eit høgt nyheitskonsum er ein viktig del av motstandskrafta mot desinformasjon i eit samfunn. Derfor er det urovekkjande at barn og unge tilsynelatande får med seg mindre nyheiter frå redaktørstyrte medium enn før.

Regjeringa ser behov for tiltak som kan bidra til gode medievanar blant unge, vanar dei òg kan ta med seg seinare i livet. Kultur- og likestillingsdepartementet har derfor bede Medietilsynet om å vurdere korleis slike tiltak kan innrettast, til dømes gjennom subsidiert tilgang til journalistikk, oppretting av nye tilskotsordningar eller utviding av eksisterande tilskotsordningar.

Regjeringa vil vurdere korleis tilrådingane frå Medietilsynet kan følgjast opp.

4.4.3 Støtte undersøkjande journalistikk

Lokaljournalistikken spelar ei viktig rolle i lokalsamfunnet. Den pressa økonomiske situasjonen gjer det vanskeleg for mange små redaksjonar å prioritere undersøkjande journalistikk. Regjeringa ønskjer å støtte felles initiativ som gjer det enklare for mindre

aviser å drive undersøkjande journalistikk, ta i bruk ny teknologi og bidra til kompetanseheving for journalistar.

I 2025 styrkte regjeringa satsinga på undersøkjande journalistikk, teknologibruk og kompetanseutvikling i mindre redaksjonar gjennom å auke støtta til Senter for undersøkende journalistikk og tilskotet til Samarbeidsdesken, eit prosjekt i regi av Landslaget for lokalaviser, Senter for undersøkende journalistikk og NRK. Samarbeidsdesken gjer researchmateriale inn- anfor vesentlege samfunnsområde tilgjengeleg for å gjere det enklare å lage undersøkjande og grundig journalistikk.

Regjeringa vil vurdere om det er behov for å styrkje den undersøkjande journalistikken ytterlegare.

4.4.4 Støtte kompetanseheving for journalistar

Faktasjekk og verifisering har blitt meir komplekst enn før som følgje av både den teknologiske og den tryggingsspolitiske utviklinga. Begge delar har ført til at redaksjonane har fått større behov for å heve kompetansen og ta i bruk nye verktøy.

Redaksjonane har eit sjølvstendig ansvar for å sikre det dei reknar som relevant kompetanse. Regjeringa bidreg i tillegg med tilskot til Institutt for journalistikk, som er eit kompetansesenter for norske medium. Kombinasjonen av den raske utviklinga og

den utfordrande medieøkonomien gjer dette viktigare enn nokon gong.

Regjeringa vil vurdere å bidra ytterlegare til kompetanseheving for journalistar.

4.4.5 Styrkje pressefridommen i sosiale medium

Pressefridommen er under press i sosiale medium. Plattformene slettar eller nedprioriterer redaksjonelle innlegg utan omsyn til nyheitsverdien deira eller den samfunnskritiske rolla til dei redaktørstyrte media. Dette bidreg til uheldige sårbarheiter med tanke på motstandskrafta mot desinformasjon i befolkninga.

DSA pålegg sosiale medium å ta vern av pressefridommen inn i brukarvilkåra. Sosiale medium pliktar i tillegg å identifisere og motverke systemrisikoar for pressefridommen, mellom anna i design av tilrådingsalgoritmar og ved moderering av innhald. Mediefridomsforordninga (EMFA) gir sosiale medium plikt til å varsle redaktørstyrte medium 24 timar før dei slettar eller avgrensar redaksjonelt innhald. I tillegg skal det organiserast dialogmøte på europeisk nivå.

Regjeringa vil bidra til effektiv handheving av DSA og mediefridomsforordninga for å sikre eit best mogleg vern av pressefridommen for norske medium i sosiale medium.

I ei uroleg verd er Noreg framleis eit trygt land for dei aller fleste redaksjonelle medarbeidarar. Dette stadfestar òg den årlege pressefridomsindeksen frå Reportere uten grenser, som Noreg toppa for niande året på rad i 2025.

4.4.6 Arbeide for tryggare forhold for journalistar

I ei uroleg verd er Noreg framleis eit trygt land for dei aller fleste redaksjonelle medarbeidarar. Dette stadfestar òg den årlege pressefridomsindeksen frå Reportere uten grenser, som Noreg toppa for niande året på rad i 2025. Men ikkje alle journalistar i Norge opplever å ha ein trygg arbeidskvardag, fri for truslar og trakassering. Å oppleve ein utrygg arbeidskvardag kan føre til sjølvensur, noko som igjen kan redusere mediemangfaldet og svekkje det offentlege ordsiftet. Derfor er det viktig å følgje nøye med på situasjonen for journalistar i Noreg, i tråd med tilrådingane frå Europarådet og kampanjen deira for journalisttryggleik. Regjeringa har derfor invitert presseorganisasjonane til å diskutere korleis statlege styresmakter og pressa kan samarbeide for å skape trygge rammer for alle journalistar i Noreg. Dette arbeidet vil bli følgt opp i den kommande nasjonale strategien for eit ope og opplyst offentleg ordsifte.

4.4.7 Styrkje redaktørstyrte medium internasjonalt

I Melding St. 20 (2024–2025) *Innsats for demokrati, rettsstat og menneskerettigheter i Europa*⁹⁸ beskriv regjeringa det internasjonale arbeidet for å motverke spreining av desinformasjon, gjennom å verne om ytringsfridommen, sikre ei uavhengig og kritisk

presse og styrkje den kritiske medieforståinga. Noreg vil mellom anna bidra til å styrkje globale løysingar for faktasjekk, utfylle nasjonale reguleringar og synleggjere ansvaret teknologiselskapa har for menneskerettar. *Strategi for ytringsfrihet i utenriks- og utviklingspolitikken*⁹⁹ beskriv viktige prioriteringar i Noregs internasjonale arbeid for ytringsfridom og mangfald av frie og uavhengige medium. Måla blir følgde opp gjennom multilateralt samarbeid, politisk dialog og støtte til partnerorganisasjonar som FN, Europarådet, EØS, Organisasjonen for tryggleik og samarbeid i Europa (OSSE) og andre multilaterale organisasjonar, frivillige organisasjonar og bransjeorganisasjonar. Støtta inkluderer mellom anna tiltak for å styrkje journalisttryggleik, utdanning og opplæring av journalistar, kompetanseutveksling og utvikling av nasjonal lovgiving og institusjonar.

Regjeringa vil halde fram med å vere ein pådrivar internasjonalt for initiativ som styrkjer motstandskrafta mot desinformasjon.

⁹⁸ [Meld. St. 20 \(2024–2025\)](#)

⁹⁹ [Strategi for ytringsfrihet i utenriks- og utviklingspolitikken](#)



Regjeringa vil

- ✧ vurdere kva nivå, innretning og fordeling mediestøtteordningane skal ha, inn mot den nye perioden med fireårige styringssignal 2027–2030
- ✧ vurdere ulike tiltak for å få fleire unge til å oppsøkje redaktørstyrte medium
- ✧ støtte undersøkjande journalistikk, særleg for å styrkje lokaljournalistikken
- ✧ støtte kompetanseheving for journalistar
- ✧ styrkje pressefridommen og mediemangfaldet i sosiale medium, i søkjemotorar og på andre internettplattformer
- ✧ vurdere tiltak for auka journalisttryggleik
- ✧ vere ein pådrivar internasjonalt for initiativ som styrkjer motstandskrafta mot desinformasjon gjennom å verne om ytringsfridommen, sikre ei uavhengig og kritisk presse og styrkje den kritiske medieforståinga

Styrkje kunnskap og forskning

05



5.1 Innleiing

Samtidig som den akkumulerte kunnskapen aldri har vore større, har tilgangen på falske nyheiter og desinformasjon auka i omfang. Det er eit paradoks. Å skilje mellom desinformasjon og usemje er ei vanskeleg, men stadig viktigare øving. Motstandskraft mot desinformasjon inneber ikkje å vere kritisk til alt, men å bruke kunnskapen som er tilgjengeleg, å underbygge påstandar og å ta motstand og motargument på alvor.

Kunnskap og forskning er viktige reiskapar i kampen mot desinformasjon på to måtar.

For det første er sjølve den vitskaplege metoden ein vaksine mot desinformasjon. Vitskapleg metode handlar nettopp om heile tida å teste teoriar og hypotesar for å vite om dei held, slik at vi kan vidareutvikle og utvide forståinga vår av verda. Kunnskap skal og må utfordrast. Men den som utfordrar, må òg underbygge påstanden sin. Kritisk tenking, kjeldekritikk og ei grunnleggjande forståing av vitskapsteori er ferdigheiter alle treng i møte med stadig meir informasjon frå stadig fleire plattformer og kjelder.

For det andre er kunnskap om og forskning på desinformasjon og korleis han spreier seg, viktig for å styrkje prosessar og institusjonar i møte med aukande tilgang på falsk informasjon.

I eit liberalt demokrati skal det vere stort rom for usemje og debatt. Nokre tiltak mot desinformasjon kan samtidig ha potensial til å svekje sentrale demokratiske prinsipp som ytringsfridom, personvern og demokratisk fridom, til dømes utstrekkt overvaking

eller sensurering av meningsinnhald. Manglande kunnskap om spreing av desinformasjon kan føre til mottiltak som er større enn nødvendig, eller tiltak som ikkje treffer etter intensjonen.

Det siste tiåret har det vore forska stadig meir på desinformasjon. Forskinga dreier seg i stor grad om dei demokratiske og tryggingmessige konsekvensane av endringane i den digitale informasjonssfæren. Sjølv om hovudvekta av desinformasjonsforskninga kjem frå eller fokuserer på USA, er det òg stor forskingsaktivitet på feltet ved europeiske universitet og i Noreg.


Eit oppdatert og forskingsbasert kunnskapsgrunnlag om ein norsk kontekst er viktig for å finne dei rette tiltaka og den rette balansen mellom ytrings- og informasjonsfridom og tryggleik i samfunnet.

Dette kapittelet beskriv utfordringane og presenterer verkemiddel og tiltak regjeringa meiner er nødvendige for å bidra til meir forskning på og meir kunnskap om desinformasjon i Noreg.

5.2 Utfordringar

5.2.1 Teknologien og feltet er i rask utvikling

Den raske teknologiske utviklinga gjer det krevjande å forske på desinformasjon. Feltet er i konstant utvikling, og kunnskapsbehovet endrar seg fort. Kunstig intelligens har gjort det mogleg å generere og spreie desinformasjon i større volum og på meir sofistikerte måtar enn før. Samtidig kan kunstig intelligens bidra til å avsløre og kartlegge spreing av desinformasjon meir effektivt enn før.



Å finne treffsikre og effektive tiltak for å auke motstandskrafta mot desinformasjon krev kunnskap om korleis ulike delar av befolkninga blir utsette for og påverka av desinformasjon.

5.2.2 Forskinga og kunnskapen om desinformasjon er fragmenterte

Det er mange gode forskingsmiljø i Noreg som forskar på ulike sider ved desinformasjon og andre informasjonstruslar. Den tverrfaglege forskninga er både ein styrke og ei utfordring. Fleire innfallsvinklar kan gi breiare kunnskap og fange opp ulike former for utvikling. Samtidig nyttar studiar frå ulike disiplinær ofte ulike omgrep og definisjonar,¹⁰⁰ noko som gjer det vanskeleg å samanlikne resultata. Det er derfor utfordrande å få oversikt over kva kunnskap som er tilgjengeleg på feltet, trekkje konklusjonar om omfanget av problemet, identifisere sårbarheiter og vurdere kva tiltak som kan utviklast for å vere både treffsikre og effektive.

5.2.3 Det trengst meir kunnskap om korleis desinformasjon spreier seg over tid

Det er gjennomført studiar av korleis desinformasjon blir spreidd i Noreg. Mellom anna har Forsvarets forskingsinstitutt, på oppdrag frå Kommunal- og distriktsdepartementet, kartlagt forsøk på påverknad i samband med dei siste vala i Noreg. Desse kartleggingane og liknande studiar gir verdifull innsikt i korleis desinformasjon spreier seg i Noreg.

Men påverknadsoperasjonar og spreieing av desinformasjon kan skje fordekt og over lang tid, noko som gjer det vanskeleg å fange opp i tidsavgrensa studiar. Derfor kan det vere formålstenleg med lengre tids-seriar som viser utviklinga over tid.

5.2.4 Det trengst meir kunnskap om kva tiltak som bidreg til å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon

Kva tiltak som er effektive for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon, varierer frå land til land, frå kontekst til kontekst og mellom ulike delar av befolkninga.

Det finst forskning som peiker på samanhengar mellom kritisk medieforståing og mediebruk og kor sårbar ein person er for informasjonspåverknad, men å finne dei mest effektive tiltaka krev meir kunnskap om kva som fungerer i ein norsk kontekst.

5.2.5 Det trengst meir kunnskap om sårbarheiter i Noreg

Å finne treffsikre og effektive tiltak for å auke motstandskrafta mot desinformasjon krev kunnskap om korleis ulike delar av befolkninga blir utsette for og påverka av desinformasjon.

¹⁰⁰ [Misinformation, disinformation, and fake news: lessons from an interdisciplinary, systematic literature review](#), Broda og Strömbäck (2024)

Kapittelet om kritisk medieforståing beskriv ulike grupper av samfunnet som av ulike grunnar kan vere meir sårbare for desinformasjon. For å kunne styrkje den kritiske medieforståinga i heile befolkninga trengst meir kunnskap om kva som gjer desse og eventuelt andre til sårbare grupper.

5.2.6 Det trengst meir kunnskap om spreinga og effekten av desinformasjon i digitale subkulturar og spelmiljø

Det er behov for meir kunnskap om spreing av desinformasjon på nett utanfor dei store sosiale medieplattformene, særleg i digitale subkulturar og via spelplattformer.

Digitale fellesskapar gjennom til dømes dataspel har for fleire vore ein veg ut av einsemd og isolasjon.¹⁰¹ Trass i dei positive eigenskapane og ringverknadene til spelkulturen har speleplattformer (slik som Discord, Twitch og Steam) og mindre sosiale medieplattformer (slik som Parler og BitChute) òg vist seg å vere arenaer for informasjonspåverknad og spreing av desinformasjon.¹⁰²

Rapporten frå ekstremismekommisjonen viste til at ekstremistar har utnytta den omfattande rekkjevidda til spelplattformer og spelkultur til rekruttering, spreing av propaganda, mobilisering og vald.

For å kunne vurdere eventuelle tiltak treng ein meir kunnskap om fenomenet.

5.2.7 Tillit til forskning

Tillit til forskning og kunnskap er avgjerande for at vi som fellesskap skal ta kunnskapsbaserte avgjerder. I Noreg har befolkninga generelt høg tillit til kunnskap og forskning. Det er likevel viktige variasjonar og unntak. Til dømes er tilliten til forskning på klima og fornybar energi gjennomgåande lågare og dalande,

og enkelte befolkningsgrupper har lågare tillit enn andre.¹⁰³

Det er viktig å forstå korleis tillit til forskning varierer og endrar seg over tid, og kva som påverkar slik tillit. Dette er tema for eit forskingsprosjekt ved Institutt for samfunnsforskning.¹⁰⁴

5.3 Verkemiddel

5.3.1 Forsking som er i gang i Noreg

Informasjonspåverknad og desinformasjon er peikte ut som prioriterte forskingsområde i langtidsplanen for forskning og høgare utdanning 2023–2032.

Store universitet og fleire forskingsinstitutt har alle-reie ein omfattande aktivitet på dette feltet. Forskinga er tverrfagleg og tilpassa ekspertisen i ulike fagmiljø.

Tematikken desinformasjon og informasjonspåverknad er relevant på tvers av fleire porteføljar i Noregs forskingsråd (særleg Velferd og utdanning og Demokrati og global utvikling), men har ikkje egne satsingar. Forskringsrådet støttar forskingsprosjekt som er i gang innanfor temaet desinformasjon, med over 150 millionar kroner. Brorparten går til Media-Futures – forskningssenter for ansvarleg medieteknologi og innovasjon, som er knytt til Universitet i Bergen. Norske forskingsmiljø er òg tett knytte til europeiske og internasjonale forskingsprogram, og det går føre seg eit utstrekt forskarsamarbeid over landegrensene.

5.3.2 Allmennretta forskingsformidling

Allmennretta forskingsformidling har ein viktig demokratisk funksjon fordi det aukar forståinga for forskingsresultat og korleis dei kan komme til nytte. At forskning blir formidla, delt og brukt, gjer samfunnet meir motstandsdyktig mot desinformasjon.

¹⁰¹ [NOU 2024: 3](#)

¹⁰² [Disinformation studies: perspectives from an emerging field](#), Correia mfl. (2022); [Malign foreign interference and information influence on video game platforms: Understanding the adversarial playbook](#), Myndigheten for psykologiskt försvar (2023)

¹⁰³ [Befolkningens tillit til og syn på forskning](#), Forskningsrådet (2024)

¹⁰⁴ [Tillit og holdninger til forskning: årsaker og endring over tid](#), Institutt for samfunnsforskning

Formidling er ei av kjerneverksemdene til universitet og høgskular, og eit sentralt formål for offentleg finansierte forskingsinstitutt.¹⁰⁵

Likevel blir forskning og undervisning høgare verdsett og påskjønt enn allmennretta formidling. Kva fagleg tilsette i universitets- og høgskulesektoren bruker tid og ressursar på, blir påverka av kva resultat som blir meritterte ved tilsetjing og opprykk. Tidsbruksundersøkinga frå 2021 viste at forskarar bruker omkring 5 prosent av arbeidstida si til formidling.¹⁰⁶ Erfaringa i sektoren har vore at allmennretta formidling blir gitt ujamt meritterande vekt ved tilsetjing og opprykk.

I 2025 fjerna regjeringa vitskapleg publisering som forskingsindikator i finansieringssystemet for universitet og høgskular, slik at vitskapleg publisering ikkje lenger tel i berekninga av grunnløyvingar til UH-sektoren.¹⁰⁷ Publiseringsindikatoren er framleis i bruk for finansiering av forskning i instituttsektoren og ved helseføretaka.

Internasjonalt blir det arbeidd med å endre vurderingssystemet for forskning, forskarar og forskingsorganisasjonar, mellom anna gjennom Coalition for Advancing Research Assessment (CoARA). I tråd med

denne utviklinga har Universitets- og høgskolerådet utvikla eit verktøy for tilpassa vurderingar i akademiske karrierar. Formidling inngår i eitt av seks kompetanseområde som skal vere meritterande. Fleire norske institusjonar er i ferd med å implementere rammeverket.

Gjennom ei endring av forskrifta til universitets- og høgskulelova, som regulerer kompetansekrav, kan institusjonane vektleggje ei større breidd i kompetansevurderingar ved tilsetjingar, slik at mellom anna formidling og andre aktivitetar retta mot deltaking i samfunnet kan telje meir enn før.

5.3.3 Medieforskning og etterutdanning

Regjeringa har ei eiga tilskotsordning for medieforskning og etterutdanning som skal bidra til meir kunnskap om kva media betyr for samfunnsutviklinga. Tilskotsordninga blir forvalta av Medietilsynet. Forskinga skal bidra til å utvide kunnskapsgrunnlaget for mediepolitikken og arbeidet med store samfunnsutfordringar som til dømes motstandskraft mot desinformasjon. Kritisk medieforståing er eit prioritert område i tilskotsordninga.

¹⁰⁵ [Retningslinjer for statlig grunnbevilgning til forskningsinstitutter og forskningskonsern](#)

¹⁰⁶ [Når timene telles: Tidsbruksundersøkelsen 2021. En kartlegging av tidsbruk blant vitenskapelig og faglig tilsatte ved norske universiteter og høyskoler](#), NIFO (2021)

¹⁰⁷ [Meld. St. 14 \(2022–2023\)](#)

For å motverke sårbarheit overfor desinformasjon treng ein mellom anna ei befolkning som kjenner seg knytt til ei større offentlegheit og føler at ho blir høyrd der.

5.3.4 Utgreiingar og undersøkingar frå statlege etatar

Fleire statlege etatar produserer rapportar og annan kunnskap om utfordringar knytte til informasjonspåverknad i ulike delar av samfunnet.

Mellom anna kartlegg Medietilsynet jamleg mediebruken og den kritiske medieforståinga i befolkninga. Medietilsynet publiserer òg halvårlege vurderingar av korleis dei store internettplattformene etterlever bransjenorma mot desinformasjon.

Dei årlege opne trusselvurderingane frå Etterretningstenesta, Politiets tryggingsteneste og Nasjonalt tryggingssorgan gir informasjon om kva samfunns-trussel desinformasjon og andre former for informasjonspåverknad kan medføre for Noreg.

5.4 Tiltak

5.4.1 Greie ut moglegheita for å etablere eit forskingssenter som kan bidra med langsiktig forskning på det offentlege ordskiftet

Det er stort behov for meir kunnskap om desinformasjon i ein norsk kontekst. Det trengst kunnskap om korleis og med kva metodar desinformasjon blir spreidd, kven desinformasjonen rettar seg mot, kven som er sårbare for påverknad, i kva grad det offentlege ordskiftet blir påverka, og kva mottiltak

som fungerer. Det er behov for langsiktig forskning som kan seie noko om utviklinga over tid. Dette var òg noko Ytringsfridomskommisjonen trekte fram.

Forskinga på desinformasjon og motstandskraft må òg liggje tett opp til forkinga på offentlig tilknyting, ytringsfridom og ytringsklima. Dette er òg noko OECD vektlegg i tilrådingane sine om korleis ein kan sikre informasjonsintegritet.¹⁰⁸ For å motverke sårbarheit overfor desinformasjon treng ein mellom anna ei befolkning som kjenner seg knytt til ei større offentlegheit og føler at ho blir høyrd der. Eit ope og opplyst offentlig ordskifte krev på si side motstandskraft mot desinformasjon og eit ytringsrom som både er vidt og blir opplevd slik.

Regjeringa vil vurdere å støtte etableringa av eit forskingssenter som kan følgje med på rammevilkåra for ytringsfridommen over tid. Ein viktig del av kunnskapsarbeidet vil vere å følgje med på utviklinga i det offentlege ordskiftet, mellom anna når det gjeld polarisering og spreieing av desinformasjon. Forskingssenteret skal drive med aktiv formidling for å opplyse befolkninga om statusen for det offentlege ordskiftet.

Dette tiltaket er òg ein del av strategien for eit ope og opplyst offentlig ordskifte.

¹⁰⁸ [Recommendation of the Council on Information Integrity, OECD Legal Instruments](#)

5.4.2 Bidra til at forskingsbasert kunnskap når betre ut, gjennom å utvide den nasjonale støtteordninga for norskspråklege opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap

Open tilgang og tilgjengelegheit til fagfelleverderte forskingsresultat er viktig for eit ope og opplyst offentleg ordskifte og legg til rette for at forskning kan brukast i samfunnet og forvaltninga. I Noreg bidreg den nasjonale støtteordninga for norskspråklege opne tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap til å gjere norskspråkleg forskning gratis tilgjengeleg for alle. Det kan bidra til at forskingsbasert kunnskap når betre ut i det offentlege ordskiftet. I Meld. St. 14 (2024–2025) *Sikker kunnskap i en usikker verden* varsla regjeringa at ho vil sørge for at den nasjonale støtteordninga for norskspråklege tidsskrift innanfor humaniora og samfunnsvitskap blir utvida til fleire fagområde, for å sikre allmenn tilgang til god norskspråkleg forskning.

5.4.3 Opprette eitt eller fleire KI-senter for forskning på samfunnskonsekvensar av KI

Det er behov for å styrkje forskinga på samfunnsrisikoen ved KI og korleis denne risikoen kan handterast.

Forskringsrådet har lyst ut ein konkurranse om å etablere fire–seks forskingssenter for kunstig intelligens (KI-senter). Sentera skal vere tverrfagleg innretta og leggje til rette for samarbeid på tvers av sektorar og institusjonar. Samla sett skal sentera dekkje tre hovudspor: samfunnskonsekvensar, teknologi og innovasjon.

Senteret eller sentera som skal forske på samfunnskonsekvensar av KI, skal bidra til å identifisere og løyse relevante utfordringar og dilemma og utforske moglegheiter som KI-teknologien fører med seg for enkeltmenneske og samfunn. Døme er korleis KI påverkar demokrati, deltaking, tillit, tilhøyrsløse og velferdssamfunnet.

5.4.4 Auke kunnskapen om spreiding av desinformasjon gjennom dataspel og andre digitale subkulturar

Tid for spill – regjeringens dataspillstrategi 2024–2026 tek mellom anna opp utfordringar knytte til spreiding av ekstremistisk propaganda på dataspelplattformer. Tiltaka i strategien skal bidra til ein inkluderande, trygg og tilgjengeleg dataspelkultur. Det er mellom anna etablert eit nasjonalt fagmiljø for dataspel og dataspelkultur ved Norsk filminstitutt (NFI Spel). Fagmiljøet skal samle kompetanse om utfordringane i dataspelkulturen, bidra med kunnskap og kompetanse på området og leggje vekt på å løfte fram dei positive sidene og moglegheitene ved dataspelkulturen.

I lys av utfordringane er det likevel behov for meir kunnskap om spreiding av desinformasjon gjennom dataspel og andre digitale subkulturar.



Regjeringa vil

- ✧ greie ut moglegheita for å etablere eit forskingssenter som kan bidra med langsiktig forskning på det offentlege ordskiftet
- ✧ bidra til at forskingsbasert kunnskap når betre ut, gjennom å utvide den nasjonale støtteordninga for norskspråklege opne tidsskrift i humaniora og samfunnsvitskap
- ✧ opprette eitt eller fleire KI-senter for forskning på samfunnskonsekvensar av KI
- ✧ auke kunnskapen om spreiring av desinformasjon gjennom dataspel og andre digitale subkulturar

Styrkje arbeidet til styresmaktene og samordninga mellom dei

o6



6.1 Innleiing

God førebygging krev felles situasjonsforståing, risikovurdering, informasjonsdeling og samordning. Å førebyggje desinformasjon og annan informasjonspåverknad er utfordrande fordi det er vanskeleg å oppdage og skilje frå legitime ytringar, og fordi det kan skje over lang tid og har potensial til å ramme svært breitt.

Det er mange offentlege aktørar som jobbar for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon på ulike måtar. I totalberedskapsmeldinga gjorde regjeringa greie for korleis styresmaktene jobbar for å styrkje totalberedskapen, tydeleggjere roller og ansvar og samordne innsatsen mot påverknadsoperasjonar.¹⁰⁹

Det er ein styrke at mange ulike miljø jobbar mot eit felles mål med ulike utgangspunkt, innfallsvinklar og verkemiddel. Ei samansett utfordring krev samansette løysingar. Det føreset likevel ei klar ansvarsfordeling og at dei ulike miljøa deler kunnskap og samarbeider der det er formålstenleg.

Ansvarsprinsippet i offentlig forvaltning inneber at det å handtere desinformasjon og påverknad først og fremst er noko kvar enkelt verksemd og ramma sektor har ansvar for. Enkelte departement og etatar har likevel særlege ansvarsområde som er sentrale i arbeidet mot desinformasjon og påverknad.

Kommunane og fylkeskommunane har det lokale ansvaret for å vareta tryggleiken til befolkninga og førebyggje uønskte hendingar.¹¹⁰ Beredskapsplikta til kommunane går fram av sivilvernlova. Vidare har

kommunane og fylkeskommunane sentrale oppgåver innanfor samfunnstryggleik og beredskap. Desse oppgåvene inkluderer val, samferdsle, næringsutvikling, transportberedskap og vidaregåande opplæring. Sjølv om kommunar og fylkeskommunar ikkje har konkrete ansvarsoppgåver knytte til påverknad og spreieing av desinformasjon, spelar dei ei viktig rolle når det gjeld å leggje til rette for god informasjon til innbyggjarane sine og sørgje for god beredskap.


I tillegg til offentlege verksemdar er det svært mange aktørar i næringslivet og frivillig sektor som anten direkte eller indirekte bidreg til å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Private verksemdar kan til dømes både vere mottakarar av desinformasjon og bli misbrukte i spreieing av desinformasjon. Samtidig kan dei ha viktige roller som arbeidsgivarar eller som eigarar eller drivarar av plattformer der desinformasjon blir spreidd. Næringslivet kan bidra til motstandskraft gjennom mellom anna informasjonsdeling, utvikling av eigne algoritmar, etiske retningslinjer, ansvarleg marknadsføring og kompetanseutvikling. Både næringslivet og frivillig sektor kan bidra til å byggje tillit i samfunnet og spreie påliteleg informasjon.

Dette kapittelet beskriv utfordringane og presenterer tiltak for å styrkje og samordne det førebyggjande arbeidet og forslag til korleis styresmaktene kan bidra til eit ope og opplyst offentlig ordskifte på andre måtar.

¹⁰⁹ [Meld. St. 9 \(2024–2025\)](#)

¹¹⁰ [Samfunnssikkerhet og beredskap, KS](#)

Ansvar for desinformasjon og påverknad hos utvalde styresmakter



Justis- og beredskapsdepartementet har eit særskilt ansvar for å følgje opp og koordinere arbeidet mot samansette truslar (inkludert desinformasjon), og eit overordna ansvar for førebyggjande nasjonal tryggleik etter tryggingslova, på sivil side. Vidare har Justis- og beredskapsdepartementet ansvar for generell koordinering av tiltak mot påverknadsoperasjonar på sivil side og fagleg ansvar for samordning og krisehandtering i situasjonar der det er nødvendig.

Kultur- og likestillingsdepartementet har ansvar for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Det inneber eit ansvar for å styrkje det førebyggjande arbeidet og medverke til betre samordning av aktørar som bidreg til motstandskrafta på ulike vis. Ansvar er avgrensa mot mandatet til EOS-tenestene når det gjeld ulovlege handlingar.

Kommunal- og distriktsdepartementet har det nasjonale ansvaret for gjennomføringa av val i Noreg. Dette inneber òg eit overordna ansvar for å koordinere tryggingstiltak ved val, inkludert tiltak mot valpåverknad.

Forsvarsdepartementet har ansvaret for utforming og iverksetjing av norsk tryggings- og forsvarspolitik, også knytt til informasjonstruslar, i fred, krise og krig. Forsvarsdepartementet koordinerer strategisk kommunikasjon i sektoren og internasjonalt forsvarssamarbeid på området.

Utanriksdepartementet har ansvar for diplomatiske, utanrikspolitiske og tryggingspolitiske aspekt ved desinformasjon og påverknadsoperasjonar. Utanriksstasjonane sikrar og fremjar norske interesser i utlandet og rapporterer om forhold i dei enkelte vertslanda og regionane som kan påverke desse interessene.

Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet har ansvar for den statlege digitaliseringspolitikken, inkludert oppfølginga av digitaliseringsstrategien Fremtidens digitale Norge og digital utanforskap, for den statlege kommunikasjonspolitikken og for å fremje openheit og transparens i forvaltninga. Departementet har òg ansvar for fleire EU-rettsakter på digitaliseringsområdet, mellom anna KI-forordninga og DSA.

Barne- og familiedepartementet har ansvaret for å koordinere politikken for ein trygg digital oppvekst.

Kunnskapsdepartementet har ansvar for barnehagen og grunnopplæringa, der rammeplanen og læreplanverket fremjar mellom anna demokratiske verdiar, kritisk tenking og kjeldekritikk. Departementet har òg ansvar for forskning og høgare utdanning, som bidreg til at samfunnet har tilgang til oppdatert kunnskap av høg kvalitet og at forskningsetiske prinsipp blir tekne vare på.

Forsvaret skal forsvare Noreg og allierte, militære styrkar og operasjonar mot informasjonstruslar i fred, krise og krig. Forsvaret bidreg til det nasjonale avgjerdsgrunnlaget og koordinerer strategisk kommunikasjon med NATO, allierte og partnarar.

Politiets tryggingsteneste (PST) er den nasjonale innanlandske etterretnings- og tryggingsstenesta. Dei skal førebyggje og etterforske alvorleg kriminalitet mot den nasjonale tryggleiken. Som ledd i dette skal dei identifisere, vurdere og handtere truslar knytte til framande statars verkemiddelbruk i Noreg. PST skal varsle om truslar mot tryggleiken i riket og levere avgjerdsstøtte om forhold i Noreg som kan true Noregs suverenitet, territoriale integritet, demokratiske styreform og andre nasjonale tryggingsinteresser.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap (DSB) har ansvar for å kommunisere risiko- og kriseinformasjon og eigenberedskapsråd til befolkninga.

Nasjonalt tryggingsorgan (NSM) skal, inn- anfor rammene av tryggingslova og hovudinstruksen, gi informasjon, råd og rettleiing om førebyggjande tryggingsarbeid og krav til tiltak. Dette omfattar òg å gi informasjon og rettleiing om påverknadsoperasjonar mot verksemdar som er underlagde tryggingslova. Nasjonalt tryggingsorgan er dessutan det nasjonale fagmiljøet for digital tryggleik og skal førebyggje cyberangrep.

Etterretningstenesta har ansvar for utanlands- etterretning og skal oppdage og varsle styresmaktene om informasjonstruslar mot nasjonal tryggleik frå framande statar og ikkje-statlege aktørar eller representantane deira.

Medietilsynet er det statlege tilsyns- og forvaltningsorganet på medieområdet. Medietilsynet skal leggje til rette for eit mangfald av redaktørstyrte journalistiske medium over heile landet og bidra til at befolkninga har ei kritisk medieforståing. Medietilsynet vil få eit forsterka mandat knytt til å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon.

Det finst ikkje noko enkelttiltak som åleine kan styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Mange aktørar innanfor ulike fagområde har verkemiddel som kan forsterke kvarandre og saman verke førebyggjande.

6.2 Utfordringar

6.2.1 Behov for å styrkje den førebyggjande innsatsen

Det finst ikkje noko enkelttiltak som åleine kan styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Mange aktørar innanfor ulike fagområde har verkemiddel som kan forsterke kvarandre og saman verke førebyggjande. Det er behov for å styrkje denne førebyggjande innsatsen og leggje til rette for ei felles situasjons- og risikoforståing knytt til bruk av desinformasjon mot Noreg og norske interesser.

6.2.2 Behov for at informasjon blir delt mellom relevante offentlege aktørar og næringslivet

Forsvarskommisjonen peikte på eit behov for ei betre felles situasjonsforståing og for å setje styresmaktene betre i stand til å omsetje trussel- og risikovurderingar til konkret politikk.¹¹¹

Totalberedskapskommisjonen peikte på behovet for at informasjon blir delt på tvers av sektorar og lokalt, regionalt og nasjonalt nivå. Det kan vere generell informasjon om framande statars intensjonar i Noreg, informasjon om metodar for spreiding av desinformasjon og informasjon om konkrete hendingar som det er grunn til å setje spørsmålsteikn ved.¹¹²

Samansett verkemiddelbruk treffer på tvers av samfunnet, og det er nødvendig å leggje til rette for god informasjonsdeling, samordning og situasjonsforståing på tvers av sektorar, på alle forvaltningsnivå og med næringslivet.

Justis- og beredskapsdepartementet følgjer opp og koordinerer arbeidet regjeringa gjer mot samansette truslar, i nært samarbeid med Utanriksdepartementet og Forsvarsdepartementet. Det er òg etablert tverrdepartementale arenaer for koordinering som har til formål å auke situasjons- og trusselforståinga, mellom anna når det gjeld desinformasjon.

Utviklinga i trusselbiletet tilseier likevel at det er behov for at fleire sektorar og forvaltningsnivå har ei meir aktiv tilnærming til problemstillinga og har kanalar for å dele informasjon og erfaringar.

For å sikre ei betre felles situasjonsforståing kan det til dømes vere behov for meir informasjonsutveksling også mellom sivile aktørar og EOS-tenestene. Medan EOS-tenestene har svært god innsikt i ulike former for informasjonstruslar mot Noreg, kan sivile aktørar ha verdifull djupnekunnskap på sine felt, til dømes om korleis informasjon spreier seg i sosiale medium.

¹¹¹ [NOU 2023: 14](#)

¹¹² [NOU 2023: 17](#)

Internasjonalt samarbeid med nærstående land og multilaterale organ er òg nødvendig for å hauste erfaringar frå andre land og internasjonale organisasjonar.

6.3 Verkemiddel

Fleire av verkemidla styresmaktene har for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon, er omtalte i dei førre kapitla. Dei inkluderer verkemiddel for å sikre den offentlege samtalen, eit mangfald av redaktørstyrte medium, kjeldekritikk i skulen og kraftfull oppfølging av sosiale medium. Nedanfor omtaler vi verkemiddel som er meir direkte retta mot utfordringar knytte til desinformasjon.

6.3.1 Etterretnings- og tryggingstenestene

Politiets tryggingsteneste, Etterretningstenesta og Nasjonalt tryggingsorgan (EOS-tenestene) har mandat som på ulike måtar bidreg til motstandskrafta mot desinformasjon, mellom anna gjennom avgjerdsstøtte til styresmaktene og dei årlege trussel- og risikovurderingane, som bidreg til auka situasjonsforståing i befolkninga. Politiets tryggingssteneste skal mellom anna identifisere, vurdere og handtere truslar knytte til påverknadsoperasjonar frå framande statar. Frå og med 2024 har det vore straffbart å bidra i påverknadsoperasjonar på vegner

av utanlandsk etterretning der dette kan skade store samfunnsinteresser. Politiets tryggingsteneste har òg høve til å lagre, systematisere og analysere ope tilgjengeleg informasjon til etterretningsformål. Politiets tryggingsteneste kan dermed utarbeide analysar og vurderingar for å gi avgjerdsstøtte i situasjonar der påverknadsoperasjonar kan true Noregs suverenitet, territoriale integritet, demokratiske styreform og andre nasjonale tryggingssaker.

Politiets tryggingsteneste, resten av politiet, Etterretningstenesta og Nasjonalt tryggingsorgan samarbeider for å styrkje den nasjonale evna til å oppdage og forstå samansette truslar, vurdere sårbarheiter og sikre god avgjerdsstøtte til styresmaktene, i mellom anna Nasjonalt etterretnings- og tryggingssenter mot samansette truslar (NESS).

6.3.2 Eigenberedskapsråda

I ei krise kan feil- og desinformasjon lett spreie seg. Det kan skje ved at krisa i seg sjølv skaper forvirring og misforståingar, men òg ved at nokon til dømes ønskjer å destabilisere samfunnet. Derfor er det viktig å vere nøye med å sjekke kjeldene ein får informasjon frå, og å tenkje over kva slags informasjon ein deler vidare. Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap reviderte eigenberedskapsråda i 2024,

mellom anna etter dialog med Medietilsynet. No inkluderer eigenberedskapsråda òg råd om kjeldekritikk og korleis ein kan identifisere desinformasjon.

6.3.3 Særleg innsats mot uønskt påverknad av val

I forkant av dei siste stortings- og sametingsvala og kommunestyre- og fylkestingsvala har regjeringa sett ned ei arbeidsgruppe som har jobba med å styrkje motstandskrafta mot uønskt valpåverknad. Kommunal- og distriktsdepartementet har leidd gruppa, som har bestått av representantar frå relevante departement og verksemdar, mellom anna etterretnings- og tryggingstenestene og Valdirektoratet. Sidan 2019 har gruppa førebudd ein tiltaksplan til kvart val med ulike tiltak som skal betre evna til å stå imot forsøk på påverknad.

Tiltaka har vore retta mot ulike målgrupper, som parti og kandidatar, styresmakter, media og befolkninga generelt. Det er til dømes gjennomført informasjonskampanjar om falske nyheiter og desinformasjon, det er gjennomført forskingsprosjekt om uønskt utanlandsk valpåverknad, og det er laga brosjyrar til kandidatar om personleg tryggleik. I tillegg har gruppa hatt ein viktig effekt som nettverk mellom aktørar som har ei rolle i val, noko som har bidrege til betre samordning av innsatsen.

Kommunal- og distriktsdepartementet sette i juni 2024 ned ei hurtigarbeidande ekspertgruppe som skulle sjå på kva generativ kunstig intelligens har å seie for sikre og demokratiske val. Arbeidsgruppa samanfatta erfaringar frå val som var gjennomførte i andre land i 2024, og la fram ein rapport i februar 2025.¹¹³

I rapporten understrekar ekspertgruppa at det norske samfunnet har gode føresetnader for å stå imot demokratiske truslar, og at det er viktig å byggje vidare på og forsterke desse føresetnadene. Samtidig peiker dei på at informasjonslandskapet har endra seg som følgje av algoritmestyrt system, og at KI hovudsakleg bidreg til å forsterke truslar som allereie finst. Ekspertgruppa har lagt fram fleire tilrådingar som skal bidra til å redusere risikoen for at KI får negativ innverknad på val og demokrati. Tilrådingane rettar seg mot ulike sektorar, og den tidlegare omtalte tverrdepartementale arbeidsgruppa vil vere sentral i arbeidet med å følgje opp rapporten frå ekspertgruppa.


6.3.4 Hybridnettverket

I 2024 oppretta regjeringa eit hybridnettverk med representantar frå alle departementa. Målet med nettverket er å styrkje samordninga og kunnskapen om samansette verkemiddel og truslar, inkludert desinformasjon, i departementa og forvaltninga elles.

6.3.5 Internasjonale sanksjonar

Noreg har slutta opp om EUs sanksjonar mot Russland med enkelte nasjonale tilpassingar. Noreg har slutta opp om at personar og aktørar som er involverte i propaganda, skalførast på sanksjonslister. Desse personane og aktørane blir dermed underlagde økonomiske frystiltak, som mellom anna inneber at det er forbode å stille pengar og andre middel til rådvelde for dei. Personane blir òg underlagde reiserestriksjonar.

¹¹³ [Kunstig intelligens og demokratiske valg – internasjonale erfaringar og nasjonale anbefalingar \(2025\)](#)



Døme på internasjonale initiativ og samarbeid

Spreiing av desinformasjon er eit internasjonalt problem. Internasjonalt samarbeid med nærstående land og internasjonale organisasjonar er nødvendig for å hauste erfaringar frå deira innsats mot desinformasjon og påverknadsarbeid.

NATO

NATO har dei siste åra, i samarbeid med allierte og partnarar, utvikla verktøy som skal gjere det lettare å forstå, analysere og handtere informasjonstruslar, der desinformasjon er eitt aspekt. NATO er jamleg utsett for informasjonsskampanjar som prøver å manipulere oppfatninga av forsvarsalliansen og kva som er rolla til NATO, og å undergrave den offentlege tilliten til og samhaldet i alliansen.

NATO har òg utvikla kapasitetar til å kartleggje og analysere slike aktivitetar for å etablere ei god situasjonsforståing som støttar opp under handteringa av informasjonstruslar. Rettleiande for arbeidet er NATOs strategi for strategisk kommunikasjon 2025–2027, som er utvikla

i samråd med allierte, og *NATO's Approach to Counter Information Threats*.¹¹⁴

Allierte spelar ei viktig rolle i å støtte opp om den strategiske kommunikasjonen til alliansen. Det gjer dei mellom anna ved å samordne budskapane sine om saker som er viktige for alliansen – som støtte til Ukraina – og ved å bruke ambassadenettverka sine i partnarlanda til NATO.

Det er òg oppretta eit uformelt nettverk for strategisk kommunikasjon på embetsnivå, NATO Rapid Response Group, der alle allierte kan dele informasjon om aktuelle informasjonstruslar og bestepspraksis for å handtere desse, og der dei kan koordinere tiltak og eventuelle reaksjonar. Noreg deltek aktivt i gruppa. I tillegg finst det eit uformelt Senior Communicators Network på embetsnivå, som omfattar fleire norske departement, og som møtest jamleg for å diskutere strategisk kommunikasjon i alliansen.

¹¹⁴ [NATO's approach to counter information threats, NATO \(2024\)](#)

Noreg deltek i tillegg i NATO sitt kompetansesenter for strategisk kommunikasjon i Riga.¹¹⁵ Senteret spesialiserer seg mellom anna på analysar av desinformasjonskampanjar og -aktørar, påverknadsoperasjonar og utfordringar knytte til kunstig intelligens. Senteret skal bidra til å styrkje kapasitetar for strategisk kommunikasjon i NATO, i medlemslanda og i partnerland. Regjeringa har allereie vedteke å sende ein norsk sekondert til senteret. Det vil styrkje Noregs erfaringsutveksling med eit leiande, internasjonalt fagmiljø på feltet og på denne måten bidra til nasjonal kapasitetsbygging.

EU

EU har arbeidd aktivt mot desinformasjon gjennom fleire år, og la fram sin første handlingsplan mot hybride truslar – der desinformasjon er éin faktor – i 2016.

EUvsDisinfo¹¹⁶ er ei eining som avslører utanlandsk desinformasjon og påviser faktafeil, og som fører ein database over funna sine. Eininga fokuserer særleg, men ikkje berre, på russisk og kinesisk desinformasjon. Arbeidet til EUvsDisinfo er offentleg tilgjengeleg, og databasen er lett å søkje i.

I 2023 vedtok EU ein tiltakspakke mot desinformasjon, den såkalla FIMI-verktøykassa.¹¹⁷ Det er ei samling av moglege mottiltak som medlemslanda – og til ein viss grad EU-institusjonane – kan ta i bruk mot utanlandske informasjons- og påverknadsoperasjonar. I hovudsak

er det medlemsstatane som har ansvaret for å setje inn slike tiltak, medan EU tilbyr støtte og samordning. Eitt døme på mottiltak er attribusjon – det vil seie at ein stat offentleg peiker ut kven som står bak ein operasjon. Gjennom FIMI-verktøykassa kan statar som vel å attribuere, få koordinerte solidaritetserklæringar frå EU for å forsterke effekten av tiltaket.

Å verne om demokratiet og dei felles verdiane våre er ei av sju overordna prioriteringar for den noverande Kommisjonen. I løpet av den inneverande mandatperioden vil Kommisjonen opprette eit «demokratiskjold» (*Democracy Shield*) som skal motverke utanlandsk informasjonsmanipulasjon og påverknad.

EU-samarbeidet om desinformasjon har så langt vore overvegande politisk og mellomstatleg, ikkje institusjonelt. Derfor har det vore forholdsvis lett for Noreg å slutte seg til europeiske initiativ frå sak til sak når det har vore ønskjeleg. Det vil vise seg om EU går i retning av meir forpliktande fellesløyseringar i denne perioden. Det plar vere utgangspunktet til Kommisjonen når dei fremjar forslag.

UNESCO

UNESCO er FNs særorganisasjon for media og kommunikasjon, utdanning og vitskap. Dei har hovudansvar for å verne om ytringsfridom, motarbeide desinformasjon og sikre tilgang til faktabasert informasjon. UNESCOs innsats innanfor kommunikasjon og informasjon støttar

¹¹⁵ [StratCom](#), NATO Strategic Communications Centre of Excellence

¹¹⁶ [Detecting, analysing, and raising awareness about disinformation](#), EUvsDisinfo

¹¹⁷ FIMI står for foreign information manipulation interference.

sentrale aktørar i å sikre grunnleggjande menneskerettar – både på nettet og elles – mellom anna ved å fokusere på ytringsfridom og tryggleik for journalistar, medieutvikling og media i krisesituasjonar, medie- og informasjonskunnskap, digitale ferdigheiter, universell tilgang til informasjon, digital inkludering, digitale retningslinjer og digital transformasjon.

UNESCO arbeider med å utvikle rolla si i kampen mot desinformasjon, feilinformasjon og hatprat. Dei legg særleg vekt på korleis dei kan fremje og verne om ytringsfridom og sikre tilgang til faktabasert informasjon på ein meir effektiv måte.

OECD Hub on Information Integrity

OECD Hub on Information Integrity er ein del av OECDs breiare initiativ for å styrkje demokratiet og sikre at folk har tilgang til påliteleg og mangfaldig informasjon. Noreg var eit av dei første OECD-landa som støtta utviklinga av huben, som blei lansert i 2022. Huben fungerer som ei læringsplattform der medlemslanda kan utveksle data og beste praksis. Gjennom initiativet deler landa informasjon om tiltak og strategiar. OECD gjennomfører analysar av offentlege styringstiltak og publiserer rapportar som gir innsikt i korleis ein kan forbetre informasjonsintegriteten. OECD gir medlemslanda tilgang til ressursar og verktøy som hjelper dei med å handtere globale informasjonsutfordringar. OECD utviklar òg rettleiingar og tilrådingar for å støtte implementeringa av politikk som fremjar informasjonsintegritet.

Open Government Partnership

Open Government Partnership (OGP) er eit internasjonalt samarbeid som Noreg var med på å etablere i 2010. Opphavleg deltok åtte land, og i dag har OGP rundt sytti medlemsland. OGP byggjer på prinsippet om at den beste måten å skape ei open, velfungerande og brukarvennleg forvaltning på er gjennom eit tett samarbeid mellom offentleg sektor og sivilsamfunnet. Gjennom OGP forpliktar Noreg seg til å gjere forvaltninga meir open ved å utarbeide handlingsplanar og rapportere om framdrifta. Den norske deltakinga i OGP blir koordinert av Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet, som la fram Noregs femte handlingsplan for OGP i 2024.

Freedom Online Coalition

Freedom Online Coalition (FOC) er ein mellomstatleg koalisjon som arbeider for å fremje eit ope og fritt internett med respekt for menneskerettane, særleg ytringsfridom, forsamlings- og foreiningsfridom og personvern. FOC har no 42 medlemsland. Medlemslanda møtest uformelt i ulike forum for å dele informasjon, utvikle felles strategiar og koordinere innsats for å fremje eit ope og fritt internett i tråd med menneskerettane. Nokre døme er koordinering under forhandlingane om Global Digital Compact i 2024, Internet Governance Forum (IGF) i Oslo i 2025 og World Summit on the Information Society (WSIS+20) i 2025.

6.4 Tiltak

6.4.1 Utvide mandatet til Medietilsynet

Regjeringa vil utvide mandatet til Medietilsynet for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Medietilsynet bidreg i dag i innsatsen for å nå samfunnsmåla om ytringsfridom, rettstryggleik og eit levande demokrati. Dei prioriterte arbeidsområda er å leggje til rette for eit sterkt mediemangfald og kritisk medieforståing i befolkninga.

Medietilsynet er godt eigna til å vurdere konsekvensane av desinformasjon opp mot konsekvensane av eventuelle mottiltak, både fordi dei har høg kompetanse i ytringsfridomsspørsmål, og fordi dei har ansvaret for å sikre mediemangfaldet.

Medietilsynet vil få rolla som kompetent styresmakt etter DSA, med ansvar for føresegnar som handlar om innhald og ytringar, jf. omtale i kap. 3 *Ansvarlegjere sosiale medium*. Ein viktig del av oppgåva er å analysere og dokumentere kor godt sosiale medium og andre innhaldsplattformer etterlever regelverket, og sørge for at eventuelle regelbrot blir følgde opp, i samarbeid med Kommisjonen og andre tilsynsorgan i EU.

I 2024 fekk Medietilsynet i oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet å greie ut ein metodikk for å vurdere korleis internettplattformene påverkar den offentlege samtalen i Noreg. Formålet er å skaffe eit kunnskapsgrunnlag om omfanget og spreidinga av desinformasjon på plattformene og korleis plattformene modererer dette innhaldet.

Medietilsynet vil i første omgang greie ut ein metodikk for å analysere korleis algoritmane på plattformene påverkar rekkjevidda til redaksjonelt innhald

og feil- eller desinformasjon, og i kva grad plattformene handhevar eigne brukarvilkår for feil- og desinformasjon og inautentisk åtferd.

Gjennom eit utvida mandat og auka ressursar vil Medietilsynet bli rusta til å følgje opp dette oppdraget og andre oppgåver knytte til å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon. Ansvaret vil innebere produksjon, innhenting og formidling av kunnskap om spreidinga av desinformasjon og dei samfunnsmessige effektane, med vekt på sosiale medium. Mandatet må sjåast i samanheng med arbeidet Medietilsynet alt gjer for mediemangfald og ytringsfridom.

Dei andre kapitla gjer nærmare greie for fleire av dei nye oppgåvene regjeringa foreslår for Medietilsynet.

6.4.2 Etablere ein ny rådsstruktur for beredskapsplanlegging og tilstandsvurderingar

I totalberedskapsmeldinga¹¹⁸ har regjeringa varsla at det skal etablerast ein ny rådsstruktur for beredskapsplanlegging og tilstandsvurderingar på departementsnivå. Dette er eit viktig grep for å motverke samansette truslar, inkludert desinformasjon. Systematisk rapportering om tilstand og sårbarheiter frå ulike sektorar vil gi eit betre og meir heilskapleg grunnlag for ei styrkt situasjonsforståing i regjeringa. Den nye rådsstrukturen vil òg leggje til rette for meir heilskaplege innspel til Justis- og beredskapsdepartementets rolle som leiardepartement og koordinerande departement innanfor førebygging og handtering av samansette truslar.

¹¹⁸ [Meld. St. 9 \(2024–2025\)](#)

6.4.3 Gjere den tverrdepartementale arbeidsgruppa for motstandskraft mot uønskt valpåverknad til ei permanent gruppe

Erfaringane med ei tverrdepartemental arbeidsgruppe mot uønskt valpåverknad har vore gode.

Regjeringa ønskjer å vidareføre gruppa som ei fast arbeidsgruppe, slik at ho ikkje må opprettast på nytt før kvart val. Det bidreg til at arbeidet med tryggleik i val og med å byggje motstandskraft mot uønskt påverknad blir koordinert og samordna på tvers av sektorane. Ved at arbeidet i gruppa skjer løpande, er det òg mogleg å jobbe meir langsiktig enn innretninga på arbeidet har opna for tidlegare.

6.4.4 Styrkje det offentlege ordskiftet

Både Ytringsfridomskommisjonen, Totalberedskapskommisjonen og Forsvarskommisjonen peikte på at det viktigaste tiltaket mot samansette truslar, påverknadsoperasjonar og desinformasjon er eit motstandsdyktig samfunn. Tillit og eit ope og opplyst offentleg ordskifte er sentralt for å sikre det.

Ytringsfridomskommisjonen konkluderte med at det offentlege ordskiftet og ytringsfridommen har gode kår i Noreg i dag. I ein slik situasjon, og med dagens tryggingspolitiske bakteppe, er det viktigaste styresmaktene kan gjere, å følgje med på utviklinga og halde fram med å støtte og styrkje det som fungerer godt i dag.

For å ramme inn denne innsatsen, som må skje på tvers av alle sektorar, vil regjeringa leggje fram ein strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte.

6.4.5 Oppdatere statens kommunikasjonspolitikk

Statens kommunikasjonspolitikk skal mellom anna sikre at staten når ut til heile befolkninga med korrekt og relevant informasjon om rettar, plikter og moglegheiter – på ein effektiv måte. Kommunikasjonspolitikken omhandlar ikkje desinformasjon direkte, men både mål, føresetnader og verkemiddel er viktige for å sikre at staten evnar å nå ut med rettidig informasjon.


Den noverande politikken blei fastsett i 2009, og det er behov for å vurdere endringar for å tilpasse politikken til dagens befolkning og mediebilete.

6.4.6 Auke kunnskapen i befolkninga om kva trussel desinformasjon utgjer i Noreg

Politiets tryggingsteneste, Etterretningstenesta og Nasjonalt tryggingsorgan har mykje informasjon og kunnskap om konkrete tilfelle av spreiding av desinformasjon og kva trussel dette kan utgjere i samfunnet.

Dei tre tenestene kjem kvart år med sine ugraderte risiko- og trusselvurderingar. Risiko- og trusselvurderingane utgjer eit viktig grunnlag for ei felles situasjonsforståing hos styresmaktene, det private næringslivet og befolkninga. Gjennom auka deling av dette grunnlaget kan offentlegheita bli meir opplyst om kva trussel desinformasjon utgjer. Betre situasjonsforståing kan bidra til eit meir motstandsdyktig samfunn der folk er betre i stand til å kjenne igjen desinformasjon og andre forsøk på påverknad.

Styresmaktene må kommunisere tydeleg kva truslar vi står overfor, og slik skape større medvit i alle delar av samfunnet.



Det viktigaste tiltaket mot samansette truslar, påverknadsoperasjonar og desinformasjon er eit motstandsdyktig samfunn.

6.4.7 Fremje openheit i forvaltninga

Ei open og transparent forvaltning er eit viktig verktøy for å førebyggje og motverke spreing av konspirasjonsteoriar og desinformasjon. Når styresmaktene kommuniserer tydeleg om avgjerdsprosessane sine, kan det bidra til å redusere uvisse og mistillit som gir grobott for feilinformasjon og spekulasjonar.

Noreg ønskjer å vere ein pådrivar og ta ei leiande rolle for å fremje openheit i forvaltninga. For å lykkast med dette – og oppnå truverd og legitimitet – arbeider regjeringa kontinuerleg med å identifisere og møte utfordringar knytte til openheit.

Sidan 2010 har Noreg vore ein aktiv deltakar i det internasjonale samarbeidet Open Government Partnership (OGP). Gjennom OGP forpliktar Noreg seg til å styrkje arbeidet med openheit i forvaltninga gjennom eit omfattande samarbeid mellom forvaltninga og sivilsamfunnet. Det norske engasjementet i OGP reflekterer regjeringa sin ambisjon om å fremje openheit som eit grunnleggjande prinsipp i norsk forvaltning. Noreg deltek òg aktivt i OECDs arbeidsgruppe for openheit i forvaltninga.

På oppdrag frå Digitaliserings- og forvaltningsdepartementet er det gjennomført eit innsiktsarbeid om openheit i norsk forvaltning. Arbeidet har teke utgangspunkt i innspel frå forvaltninga, forskingsmiljø, sivilsamfunn og andre sentrale aktørar på området. Målet er å få betre innsikt i dagens situasjon, peike på utfordringar og kunnskapshol og gi anbefalingar for regjeringa sitt vidare arbeid innanfor rammene av Open Government Partnership (OGP).

Arbeidet utgjer eit utgangspunkt for vidare diskusjon om regjeringa sin innsats for å styrke openheit i norsk forvaltning, og anbefalingane vil bli vurderte i arbeidet med Noregs deltaking i Open Government Partnership og i utviklinga av nye handlingsplanar.

6.4.8 Sikre nasjonale tryggingssinteresser knytte til informasjonsmiljøet

Bruk av til dømes desinformasjon og anna villeiande misbruk av informasjon er ein sentral del av trusselbiletet i dag. Slik undergravande aktivitet bidreg til å destabilisere liberale demokrati og den regelbaserte verdsordenen og dei grunnleggjande tryggingssinteressene som fridommen og velstanden vår byggjer på. Dei nasjonale tryggingssinteressene våre knytte til informasjonsmiljøet må – innanfor rammene av demokratiske verdiar, folkeretten og rettane til individet – vernast mot systematisk undergraving og angrep.

Strategisk kommunikasjon inneber samordning av mål og middel for å verne om og fremje nasjonale grunnleggjande tryggingssinteresser. Regjeringa vil styrkje rammeverket for meir samordna kommunikasjon for å sikre nasjonale tryggingssinteresser knytte til informasjonsmiljøet.

6.4.9 Setje i gang arbeid for ein meir heilskapleg innsats for handtering av desinformasjon og andre informasjonstruslar

Totalberedskapskommisjonen tilrådde å etablere ein nasjonal funksjon for overvaking og analyse av forsøk på påverknadsoperasjonar utan kopling til etterretnings- og tryggingstenestene. Regjeringa reknar det ikkje som formålstenleg å opprette ein ny etat for å motverke desinformasjon, men ser at det er behov for ein meir heilskapleg innsats for å handtere desinformasjon og andre informasjonstruslar.

Ein slik innsats må vareta interessene til både befolkninga, næringslivet og offentlege styresmakter på tvers av sektorar og bidra til styrkt motstandskraft, betre situasjonsforståing, evaluering og internasjonalt samarbeid. Det inkluderer ein betre systematikk for å fange opp urovekkjande utvikling, sjå enkelthendingar som del av ein større kampanje, og sørge for at denne informasjonen blir delt med andre relevante aktørar og med befolkninga.

Innretninga på ein slik innsats må vurderast nøye opp mot ytringsfridommen og andre rettar. Formålet kan ikkje vere å avgrense lovlege ytringar, men kan inkludere tiltak for å opplyse befolkninga om koordinerte forsøk på informasjonspåverknad som hindrar den frie meiningsdanninga.

Regjeringa vil setje i gang eit tverrsektorielt arbeid som sikrar ein heilskapleg innsats som balanserer dei tryggingpolitiske interessene og vern av individuelle rettar.

6.4.10 Arrangere Internet Governance Forum i Norge

Internett er i dag ein av dei viktigaste infrastrukturanane i verda. Det utgjer ein grunnleggjande ressurs for den frie informasjonsflyten i samfunnet. Ytringsfridom og kamp mot desinformasjon må i dag derfor sikrast gjennom ei forsvarleg forvaltning av internett. FN-møtet Internet Governance Forum (IGF) er den største arenaen i verda for brei og inkluderande dialog mellom alle involverte partar om forvaltning av internett og global digital utvikling. Noreg skal som vertsland og arrangør for IGF 2025 bidra til å verne om den eksisterande modellen for forvaltning av ressursane og strukturen i det globale internettet.

Noreg vil òg bidra til at denne *multistakeholder*-forvaltningsmodellen blir ført vidare i framtida. Modellen byggjer på at forvaltninga skjer i ein fellesskap der styresmakter, næringsliv, sivilsamfunn, academia og tekniske miljø legg rammene saman. Det er eit mål å sikre eit berekraftig globalt internett med rett balanse mellom openheit, tryggleik, robustheit og fridom. Det krev at liberale demokrati bidreg aktivt i arbeidet i IGF.

IGF 2025 blir det største FN-møtet som nokon gong er gjennomført i Noreg, med 4000–5000 fysiske deltakarar per dag og om lag like mange deltakarar via digitale plattformer.

6.4.11 Styrkje norsk representasjon i internasjonalt samarbeid

Det finst ei rekkje ulike regionale og internasjonale initiativ for å samordne og dele erfaringar med og kunnskap om spreiding av desinformasjon og korleis land kan styrkje motstandskrafta si. Sjølv om ulike land har ulike utgangspunkt og kulturar for å møte denne typen utfordringar, har det stor verdi å dele erfaringar og kunnskap og finne fram til felles løysingar.

Regjeringa ser at slike initiativ blir viktigare og viktigare, og vil derfor styrkje den norske deltakinga i relevante internasjonale forum og initiativ. Regjeringa vil mellom anna auke støtta til samarbeid med internasjonale organisasjonar som Europarådet for å avdekkje og motverke hatefulle ytringar på nettet og forsterke samarbeidet med OECD for å fremje god styringspolitikk på alle nivå, også når det gjeld informasjonsintegritet.

Regjeringa vil òg støtte aktivt opp om NATOs arbeid for å motverke og handtere informasjonstruslar, og søkje dialog og samarbeid med EU om relevante tiltak og initiativ på dette området.



Regjeringa vil

- ✧ utvide mandatet til Medietilsynet for å styrkje motstandskrafta mot desinformasjon
- ✧ etablere ein ny rådsstruktur for beredskapsplanlegging og tilstandsvurderingar
- ✧ vidareføre den tverrdepartementale arbeidsgruppa for motstandskraft mot uønskt valpåverknad og gjere ho til ei permanent gruppe
- ✧ vurdere tilrådingane frå ekspertgruppa som har sett på kva kunstig intelligens har å seie for val
- ✧ leggje fram ein strategi for eit ope og opplyst offentleg ordskifte
- ✧ auke kunnskapen i befolkninga om kva trussel desinformasjon utgjer i Noreg
- ✧ oppdatere statens kommunikasjonspolitikk
- ✧ styrkje arbeidet med openheit i forvaltninga nasjonalt, i samarbeid med sivilsamfunnet, næringslivet og akademia
- ✧ vere ein pådrivar for openheit internasjonalt, gjennom aktiv deltaking i forum som Open Government Partnership og OECD
- ✧ sikre nasjonale tryggingsinteresser knytte til informasjonsmiljøet
- ✧ setje i gang arbeid for ein meir heilskapleg innsats for handtering av desinformasjon og andre informasjonstruslar
- ✧ arrangere Internet Governance Forum i Noreg i 2025
- ✧ styrkje norsk representasjon i relevante internasjonale forum for å dele erfaringar og kunnskap
- ✧ støtte aktivt opp om NATOs arbeid mot desinformasjon og informasjonstruslar
- ✧ søkje dialog og samarbeid med EU om relevante tiltak og initiativ mot desinformasjon

Utgjeve av:
Kultur- og likestillingsdepartementet

Bestilling av publikasjoner:
Service- og tryggingsorganisasjonen til departementa
publikasjoner.dep.no
Telefon: 22 24 00 00
Publikasjonar er også tilgjengelige på:
www.regjeringa.no
Publikasjonskode: V-1056 N

Design og illustrasjon: Anagram Design
Trykk: Service- og tryggingsorganisasjonen
til departementa
06/2025 – opplag 150

